



KOMMUNEPLAN FOR LOM 2021-2030 AREALDEL

KONSEKVENSGREIING for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan

Tillegg til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring

Retta versjon ved planvedtak
Felles plankontor for Lom og Skjåk, 15.11.2022



Del av område M31 i Medalen - flybilde 2020.

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. KU av masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.....	5
2.1 M18: Bøvre ved Galdebygde – Råstoffutvinning - eksisterande.	5
2.2 M31, M110, M111 og M112: Bøvre ved Medalen – Råstoffutvinning - eksisterande.	11
2.3 M32: Bøvre ved Borgasanden – Råstoffutvinning - eksisterande.	19
2.4 M102: Bøvre ved Kvandalsvoll – Råstoffutvinning - eksisterande.	26
2.5 M24: Leira ved Liasanden – Råstoffutvinning - eksisterande.	32
2.6 M101: Bøvre ved Prestsæter – Råstoffutvinning - eksisterande.	40
2.7 M54: Finna ved Lauva – Råstoffutvinning - eksisterande.	46
3. Arealrekneskap for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.	53
4. Vurdering av samla konsekvensar for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.	53
4.1 Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.	53
4.2 Jord- og skogbruk.	58
4.3 Landskap.	63
4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.	63
4.5 Kulturminne og kulturmiljø.	64
4.6 Forureining, energi og klima.	64
4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.....	64
4.8 Teknisk infrastruktur.	64
4.9 Samfunnstryggleik.....	64
4.10 Trafikktryggleik.....	64
5. Vurdering av uttaka i forhold til verna vassdrag og vassressurslova.	65

1. Innleiing.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med ramar for framtidig utbygging, ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiing (KU) skal vera ein del av planskildringa. KU skal skildre verknadane for einskilte område og den samla verknaden for miljø og samfunn ut frå kjent kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av denne. Utgreiinga skal vera relevant for å fatte ei avgjerd og skal vera tilpassa omfanget av tiltaket og konfliktgraden.

Nedafør er gjort ei konsekvensutgreiing for 7 område for råstoffutvinning i vassdrag med reguleringsplan som låg inne i planforslaget til revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom som var lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og høyring. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i dei motsegnar NVE og Statsforvaltaren i Innlandet hadde til planforslaget.

Når det gjeld metodikk og utgreiingstema som er brukt i arbeidet med denne konsekvensutgreiinga, viser ein til kapittel 1 i dokumentet: "Kommuneplan for Lom 2021-2030 – Arealdele – Konsekvensutgreiing - 1. gongs offentleg høyring og ettersyn - Felles plankontor for Lom og Skjåk", datert 15.06.2021.

Det er i forslaget til ny arealdel til kommuneplan, for Lom knytt følgjande planføresegn (§ 3.7): «Før nye område for råstoffutvinning vert teke i bruk, eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.»

NVE har i si uttale til planforslaget datert 22.09.2021, motsegn mot dei 7 eksisterande uttaka i verna vassdrag med reguleringsplan. Dei skriv at dei ikkje finn nokon omtale av om arealet som er vist i kommuneplankartet er det same som de gjeldande reguleringsplanane omfattar. NVE skriv at dei ikkje kan sjå at det er gjort nokon heilskapleg vurdering av masseuttaksbehovet i kommunen, samla belastning knytt til uttak i verna vassdrag, eller effekt av og formål med uttak i vassdrag. NVE viser til at masseuttaksområder i vassdrag ofte kan føre til negative konsekvensar for vassdraget og kome i konflikt med verneformål i verna vassdrag. NVE skriv at eksisterande reguleringsplanar og gjeldande kommuneplan er vesentleg meir enn 10 år gamle, og har behov for oppdateringar både når det gjeld regelverk og praksis. Det har skjedd store endringar i kunnskapsgrunnlag, prioriteringar i samfunnet og politiske føringar, samtidig som kommunens behov kan ha endra seg.

NVE fremmar motsegn til områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort ei fagleg vurdering og lovmessig avklaring for desse uttaka (jf. vrl. §§ 8 og 35). Dei skriv at vurdering av samla effekt er vesentleg, denne må innehalde verknadar av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget. NVE meiner vidare at reguleringsplanar som er 23 år gamle bør reviderast og oppdaterast i tråd med dagens lovkrav, forvaltningspraksis og faglege tilrådingar.

Statsforvaltaren i Innlandet viser i si uttale til planforslaget datert 23.09.2021, at det i kommuneplanforslaget ligg det etter informasjon i kap. 5.1.7 i planomtalen, også inne totalt 13 område for råstoffutvinning som er regulerte, 7 av desse i vassdrag. Statsforvaltaren viser til at desse omfattar i alt 6 uttak i det varig verna vassdraget Bøvre, verna gjennom verneplan IV i 1993. Uttaka er M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvanndalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva) i det varig verna vassdraget Finna (også verneplan IV).

Statsforvaltaren viser til at uttaksområda var inne i ein eigen kommunedelplan for sand, stein og grus vedteke i 1997, omfatta av reguleringsplanar vedteke i 1998 og vidare vist som unnateke rettsverknad i kommuneplanens arealdel i 2003, fordi gjeldande reguleringsplanar skulle vidareførast. Statsforvaltaren legg til grunn at regulerte uttak i si tid var tufta på ei samfunnsmessig nyttevurdering som var vege mot verneverdiane i vassstrengen og kantsoner. Statsforvaltaren skriv at dei likevel saknar

ei oppdatert vurdering av samla konsekvens av uttaka og konkret konsekvens i kvart einskild område. Statsforvaltaren viser her til eit tydelegare fokus på verneverdiane i vassdrag i vassressurslova (2001) og naturverdiar gjennom naturmangfaldlova (2009). Statsforvaltaren viser til at det nå har gått 18 år sidan uttaksområda blei stadfesta gjennom siste kommuneplan. Ut frå dette, samt nye og innskjerpa føringar knytt til verdiar i vassdrag, fremmer Statsforvaltaren motsegn til dei 7 nemnde masseuttaka i varig verna vassdrag. Dei viser til rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. Kap. 3.12 om verna vassdrag og føresegn om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994).

Statsforvaltaren skriv at motsegna kan imøtekomast gjennom ei ny og samla vurdering av konsekvensar ved uttaka i vassdrag. Det må gjerast ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, vurderast konsekvensar av uttaket knytt til korleis uttaka påverkar naturlege prosessar i vassdraget inkludert levevilkår for fisk. Statsforvaltaren forventar også at samla nytteverdi av dei ulike uttaksområda blir synleggjort. Dersom det er massetransport og masseavlagring som er hovudutfordringa må ein også ta stilling til kva uttaksområde i nedbørområdet som gjev best effekt i høve til dette. Statsforvaltaren viser til at uttaksområde M54 ligg i tillegg innfor naturtypen Odden i Finndalen, type Kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti, verdisett som svært viktig. Statsforvaltaren meiner dette gjev ekstra tyngde til motsegna for dette området.

Fylkesutvalet i Innlandet fylkeskommune tilrår ved vedtak i møte 21.09.2021, at kommunen gjer ei vurdering og gjennomgang av de masseuttaksområda som har reguleringsplan for å sjå på kunnskapsgrunnlaget og om de inkluderer tilstrekkelege avbøtande føresegner.

Under er det først gjort ei konsekvensutgreiing knytt til kvar av dei 7 områda, etterfølgt av ein samla vurdering av konsekvensar.

Konsekvensutgreiinga vil vere nyttige verktøy for kommunen i arbeidet med å vurdere om et ressursuttak er fornuftig i et samfunnsperspektiv, f eks om ressursens kvalitet er så viktig at mindre eller større ulemper kan akseptast, om ressursen er eineståande eller om det er mange likeverdige ressursar i kommunen/regionen osv.

For byggeråstoffa grus, sand og pukk/stein, er i tillegg situasjonen slik at transportkostnadane utgjer en relativt stor del av pris ut til kunde. Ved transportavstandar på 30 til 40 km kan til dømes transportkostnaden bli større enn verdien av råvarene. Dette vil spele inn når det gjeld vurderingar av uttaksstader og driftsvilkår i det enkelte uttak. Det same forholdet gjeld i nokon grad uttak av massar til bruk ved flaumførebygging av vassdrag og ved anlegg av vollar for sikring mot skred i bratt terreng.

2. KU av masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.


2.1 M18: Bøvre ved Galdebygde – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	128/1 og 128/5
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	9,0 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området for råstoffutvinning omfattar elvestrengen i Bøvre, og er regulert i reguleringsplan for Bøvre ved Galdebygde, godkjend 12.03.1998, planid. 5140050. Avgrensinga av området på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak er vist i reguleringsplanen.

I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvre, samstundes som ein skal forebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomstar i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten i Bøvre som gir grunnlag for uttak av masser, her på 7800 tonn/år. Knusing er naudsynt for å oppnå tilfredsstillande kvalitet til bygge- og anleggsformål. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling.


I saksutgreiinga i samband med behandlinga av reguleringsplanen i 1997, viser rådmannen til at sentrale styresmakter etter flaumen i 1995, har gjeve signal om at kommunane må leggje større vekt på faren for flaumskadar i si arealplanlegging. Det er vist til at uttak av massar er motivert ut frå ønskje om å forebyggje flaumskadar. Uttak av massar vil da bli gjort for å unngå heving av elveløpet.



Utsnitt av kommuneplanforslag



Flyfoto 2020



Reguleringsplankart 1998. Sm=Spesialområde massetak, Snv=Spesialområde naturvern, vassdrag, Sf=Spesialområde flaumverk, SVA=Spesialområde avlaupsanlegg, Spv= Spesialområde privat veg, L=Landbruk, Fh=Farmland høgspeint

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Bøvre er varig verna vassdrag. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr, og det er trekkveg for elg og hjort som kryssar Fv55 og Bøvre nordaust for området. Området er ikkje omfatta av areal med viktig naturtype. Det er ingen registreringar i planområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Bøvre som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Uttak i elvestrengen vil kunne vere skadeleg for fisk og vasslevande dyr og plantar, sjølv om planen seier at uttak skal skje på låg vasstand i elva for å hindre at finare masser blir virvla opp og ført med vatnet. Masseuttak vil i nokon grad råke leveområdet for elg, hjort og rådyr. ved at dyra vert forstyrre av aktiviteten i uttaksområde og ved at areal på land blir brukt til lagring og foredling av grusmassar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Mykje landbruksareal og dyrka jord kring elva. Uttaksområda ligg på areal som er elv/vassareal, og det omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. I reguleringsplanen er det ikkje teikna inn kor massane skal lagrast eller evt. behandlast på land.	Uttak kan verke flaumdempende, og gjere at ein unngår skade på landbruksareal. Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med jord- og skogbruk. Grustrafikk kan medføre ulemper. Om massane ikkje skal køyrast bort, men bli lagra og bli behandla på land nær uttaket, kan det eventuelt legge beslag på landbruksareal.	<i>Middels verdi (++)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Arealet ligg like nord for Galdesanden i område i Bøverdalen med viktig kultur-landskap. Arealet er omfatta av omsynssone bevaring av naturmiljø på plankartet. Uttaksområdet i elva som ligg midt i dalen er omgjeve av jordbrukslandskap og fjell på alle kantar.	Uttaksområdet ligg midt i dalen, og vil vere synlege frå bustad-/gardsbyggnad og frå Fv55. Inngrepa på dei blottlagde elveøyene og i elvestrengen på låg vasstand, vil bli viska ut av straumen i elva og forsvinn når elva går opp att og blir flaumstor på sommaren og på hausten.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Elvesletta frå Repp til Galdesanden er ein stor elveavsetting som er karakterisert av lokal verdi av NGU. Massane i området er grove og må knusast for å nyttast til veg- og betongformål Botn-transporten i Bøvre som gir grunnlag for uttak av masser, er rekna til 7800 tonn/år. I databasen GRANADA, er området registrert med forventast stort grunnvass potensial. Det er ingen borebrønnar i det regulerte uttaksområdet, og Galdesand reinseanlegg har utlaup mot Bøvre i området.	Masseuttak i det regulerte området som er vist i kommuneplanen som M18, er i første rekkje grunngeve som tiltak for å unngå skadeflaum. Ved å ta ut massar som bygger seg opp i området, vil ein da motverke heving av elveløpet. Førekosten ligg tett ved Galdesanden og elles er omringa av jordbruk, så det ligg ikkje så godt til rette for drift av uttak og grusbehandling/knusing. Massane i området er grove og må knusast for å nyttast til veg- og betongformål, og massane vil da også ha ein kommersiell verdi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i masseuttaksområdet eller på land. Det er bygningar som er registrerte i SEFRAK-registrert på Sygard Galde og på Mundgjel, – fleire med meldeplikt. Området ligg innafor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren foreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaka og lagringa/behandlinga av massane på land, råker ikkje kjende kulturminne. Opplevinga av gardstun med freda eller gamalt, verdfullt bygningsmiljø, kan bli noko forringa av masseuttak i elva i nærområdet. Ein vurderer likevel ikkje masseuttak i område M18 til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til uttaket. Uttaket skal skje for å unngå skadeflaum. Det ligg ikkje inne område for grusbehandling i planen.	Uttaket ligg på det næraste 160 m frå bustadhus på Galdesanden, og 260 m frå våningshus på gardar. Uttaka skal i hovudsak skje for å unngå skadeflaum, og vil skje over ein kort periode, og vil da venteleg ikkje medføre store støyproblem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet må bli frakta via Mundgjelsvegen eller vegen til reinseanlegget ut mot Fv55. Uttaksområdet ligg tett ved reinseanlegget, og med leidningsnett og utlaup mot elva.	Uttaket skal i hovudsak skje for å unngå skadeflaum, slik at ein ikkje forventar uttak kvart år. Auking av trafikken på vegane vil vere av kortvarig karakter. Det er elles ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområda og områda for massebehandling har ikkje særleg verdi friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Masseuttaket i elvestrengen gjer fritidsfiske mindre attraktivt på staden. Uttak i elva, råker elles ikkje vesentlege friluftsinteresser.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Uttaksområda og områda kring elvestrengen, er flaumutsett. Det har tidlegare blitt teke ut masser her for å unngå heving av elvelaupet og dermed hindre skadeflaumar. Området er ikkje skredutsett.	Det har vore rekna at masseuttaka i Bøvra her vil ha ein flaumdempende effekt, ved at ein unngår at større mengder masse stuvar seg opp og fløymer over område og trugar forbyggingsanlegg langs elva.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet må bli frakta via Mundgjelsvegen eller vegen til reinseanlegget ut mot Fv55. Det er ein årstdøgns-trafikk på 700 køyretøy på Fv55 på strekninga, der 13 % er lengre køyretøy. Ved krysset mot fylkesvegen ved kyrkja er fartsgrensa 50 km/t, og det er eit godt utforma kryss. Ved krysset mot fylkesvegen ved avkøyringa frå reinseanlegget er fartsgrensa 80 km/t, og det er eit mindre godt utforma kryss med dårlegare siktforhold.	Trafikken med frakt av massar bør fortrinnsvis skje via Mundgjelsvegen og ut i krysset ved kyrkja. Dersom det skjer reknar ein at risikoen for ulykker i liten grad vil auke på grunn av masseuttaka som berre vil skje i kortare periodar og venteleg ikkje kvart år.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Regulering for uttak av massar i område M18 var motivert ut frå ønskje om å førebygge flaumskadar. Ei ville da gjere uttak av massar for å unngå heving av elveløpet og for å unngå skadar på flaum-førebygginga langs elva. Dersom uttak som blir gjort i området, ikkje vert større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv.	Støy og andre påverknader mot omgjevnaden blir ikkje sett på som særleg problematisk i forhold til periodevise uttak avgrensa til å førebygge flaumskadar. Etter det ein kjenner til, har det ikkje skjedd uttak av masser i M18 sidan området vart regulert i 1989. Det er stadige endringar i elvelaupet i området, og ein er i tvil om uttak i område M18 i dagens situasjon er det rette området for å ta ut masser for å førebygge flaumskadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
---------------------------	--	--	---

Samla vurdering:

Som skrivi over kjenner ein ikkje til at det har skjedd uttak av masser i område M18 sidan arealet vart regulert i 1989. I 2018 braut elva seg gjennom forbygginga/elvekanten på nordsida og eroderte ut massar i nedre kant av det regulerede området. På flybilde teke før og etter flaumen, kan ein sjå at landarealet her har minka med om lag 1,3 dekar. Det er stadige endringar i elvelaupet i området, og det kan sjå ut som at elva legg opp massar på andre stadar i elva i dag enn tilfellet var tidlegare. Ein er i tvil om uttak i område M18 ville hatt nokon stor avbøtande effekt i forhold til flaumskadane i 2018, og om dei vil ha ein tydeleg effekt slik elva er no. Det kan vere at uttak andre stadar i elvelaupet i dag kan ha ein betre effekt enn uttak i område M18.

Grusuttaka i Bøvre ved Galdesanden, er vurderte å ha *middels positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Jotunheimen, blir lagt av i elvelaupet. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus.


Ein viss flaumdempande effekten vil uttak i området M18 kunne ha, og i konsekvensvurderinga kjem ein ut med *middels positiv konsekvens* på punktet samfunnsikkerheit. Dei negative sidene av uttaka, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald og landskap. Bøvra si vernestatus og at området ligg innafor viktig kulturlandskap Bøverdalen, gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*.

Konklusjon:

Det er knytt usikkerheit til den flaumdempande effekten masseuttak i område M18 vil ha, og om uttak i dag heller burde skjedd andre stadar i elvelaupet for å ha optimal flaumdempande effekt. Uttaket er vurdert til å ha negative effektar for mellom anna naturverdiar og naturmangfald og landskap, og det krev at massetaket burde ha klar flaumdempande effekt for å ligge i planen. Da det heller ikkje har vore teke ut masse sidan reguleringa i 1989, vil ein føreslå å ta område for råstoffutvinning M18 ut av forslaget til revidering av kommuneplanen. Dei andre føremåla i reguleringsplanen frå 1989 er delvis unøyaktig kartfesta og planføresegnene lite spesifikke, slik at regelverk knytt til dei kan bli erstatta av forslaget til planføresegner i kommuneplanforslaget. Ein bør da gjere vedtak om at reguleringsplanen for Galdebygde, godkjend 12.03.1998, planid. 5140050, vert oppheva.

2.2 M31, M110, M111 og M112: Bøvre ved Medalen – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	104/1, 104/5, 104/6, 104/7, 106/1, 130/1, 131/1, 131/6, 131/10, 132/1 og 133/1
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	Totalt 420,9 daa (M31A: 324,1 daa. M31B: 71,0 daa. M110: 12,3 daa. M111: 1,6 daa. M112: 11,9 daa)
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa
Området for råstoffutvinning omfattar elvestrengen i Bøvre, der det blir teke ut massar som blir ført med vassdraget og lagt att på elvesletta i Medalen. Området er regulert i reguleringsplan for Bøvre ved Medalen, godkjend 12.03.1998, planid. 5140036. Avgrensinga av områda på kommuneplankartet, er lagt inn slik som areala er vist i reguleringsplanen, og strekk seg frå Visa sitt utlaup til Stein. Det blir årleg teke ut grus og steinmassar som blir lagt opp i elva Bøvre av lokale entreprenørar. Uttaket er det klart største utaket i kommunen for kommersielle føremål. Det har vore drive uttak av massar frå Bøvre her før området det vart laga reguleringsplan. Lokaliteten blir tilført massar både frå Visa og Bøvre. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som gir grunnlag for uttak av masser, samla på 45 000 tonn/år. I vassdragsplanen er årlege uttak oppgjeve til 40 000 tonn. Massane er godt eigna for veg- og betongføremål. I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvre, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomstar i vassdraget. I forvaltninga av vassdraget skal ein ta omsyn til skader og ulemper ved bruken av dyrka mark. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling. Områda for massetak i reguleringsplanen inndelt i delområde: I område Sm1 (M31A i KP) mellom Visa og Sula sine utlaup, kan det takast ut masse ned til eit nivå med kote 492 m.o.h. øvst i området til kote 482 m.o.h. nedst i området. I område Sm2 (M31B i KP) som omfattar elveøyrrer mellom Sula sitt utlaup og Steinøye, kan det takast ut masse ned til eit nivå med kote 482 m.o.h. øvst i området til kote 479 m.o.h. nedst i området. Områda merka med Sm3 på reguleringsplankartet tener som lager og produksjonsplassar for sand- og grusmaterial og foredla produkt av desse (M110, M111 og M112 i KP). Ved oppstart av reguleringsplanarbeidet i 1997 peikte grunneigarane i Medalen på at vegbygging (Sognefjellsvegen) og sedimentering av massar øvst i området, har gjort at hovudstraumen i elva dels har fløtt seg mot søraust-sida av elvefaret. Elva skal her ha teke med seg to større øyrer og truga både jordbruksareal og anna areal, samt gardsvegen til Glømsdal. Andre plassar sto elva inn mot Sognefjellsvegen. Grunneigarane meinte manglande uttak og endringane av vasstraum/vassnivå også førte til forsumping av areal. Både NVE som fagstyresmakt, Statens Vegvesen og grunneigarane meinte i 1998 at det var naudsynt jamleg å ta ut massar for å unngå skadar på innmark og anlegg. NVE framheva at det var positivt at kommunen følgde opp arbeidet med å få grusuttaka i Medalen inn i kontrollerte former ved å utarbeide reguleringsplan for området.	



Teiknforklaring

(På kartet: Plan- og reguleringsplan §15)

- Årsnedsatt av planområdet
- Grense for reguleringsplanen
- Spekulationsområde naturvern, vassdrag (Sv)
- Spekulationsområde masseuttak (Sm)
- Spekulationsområde bevaring (Sf)
- Landbruksområde (L)
- Spekulationsområde bevaring - heds garden (Sb)
- Offentlig trafikkområde (O)
- Spekulationsområde privat veg eller anlegg (Spv)
- Færveområde fæm (F)
- Færveområde kraftlinje (FK)

Målestokk 1:4000. Ekvivalens 6 m.
Kartgrunnlag: 1:10 000 - ferdigutgitt.
Planområdet er digitalisert og teikna på nytt 31.01.2022
av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommuner.




REGULERINGSPLAN

MEDALEN I LOM KOMMUNE

SAKSBEHANDLING I FLG. PLAN OG BYGNINGSLOVA

Saksbehandling	Dato	Sign.
Planlagt utbygging	12.12.1997	Trond Stenseth
Planlagt utbygging	12.12.1997 - 10.02.1998	Trond Stenseth
Planlagt utbygging	12.02.1998	Trond Stenseth
Planlagt utbygging	12.02.1998	Trond Stenseth
Kommunestyrets godkjenning	12.02.1998	Trond Stenseth



Reguleringsplankart for "Bøvre ved Medalen" godkjend 12.03.1998, planid. 5140036.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Bøvre er varig verna vassdrag. Ingen areal er registrert som viktig naturtype. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr. Trekkveg for elg og hjort kryssar Fv55 og Bøvre ved utlaupa av Visa og Sula. <i>Oter</i> med status VU – sårbar - har tilhald i elva om vinteren. <i>Klåved</i> , med status NT - nær truga, er vist med ei rekkje registreringar på den store elvesletta, og to av desse er vist innafor areal regulert for masseuttak. <i>Aurskrinneblom</i> , <i>blårapp</i> , <i>rabbesiv</i> , <i>setermjelt</i> , og <i>brattpanneedderkopp</i> er registrert nær uttaksområda, alle med status LC– livskraftig.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Bøvre som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere skadeleg for fisk og vasslevande dyr og plantar, sjølv om uttaka i all hovudsak skjer utanom vassstrengen på låg vasstand i elva og det byggast vollar for å tørlegge uttaksområda. Masseuttak vil råke beiteområdet og trekkvegar for elg, hjort og rådyr, ved at dyra vert forstyrre av aktiviteten i uttaksområde og ved at areal på land blir brukt til lagring og foredling av grusmassar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Mykje landbruksareal og dyrka jord kring vassdraget. Uttaksområda ligg på areal som er elv/ vassareal, og det omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. I alt 585 daa fulldyrka jord i ligg innafor aktsemdsområde for flaum i Medalen.	Massetak i elva er naudsynt for å hindre at elva fløymer over dyrka mark. Opphøyr av massetak i Meddalen vil venteleg føre til at dyrka jord blir hyppigare råka av flaum. Masseuttak er elles i liten grad i konflikt med jord- og skogbruk.	<i>Middels verdi (++)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Landskap	Arealet ligg i område i Bøverdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Masseuttaksområdet består av elveøyrrer som årleg er fløymt over av Bøvre. Den store flate elvesletta i Medalen, er omgjeve av høge fjell på alle kantar. Elvemøta mellom Bøvre, Visa, Sula og Glåma, er elles dominerande landskapselement. Arealet kring elva/ uttaksområda er dels dyrka og dels skogkledd.	Dei synlege inngrepa av uttaka på dei blottlagde elveøyrrer og i elvestrengen på låg vasstand, blir viska ut av straumen i elva og forsvinn når elva går opp att og blir flaumstor på sommaren og på hausten. Områda for massebehandling på land ligg i utkantane av elvesletta inn mot dalsidene og oppfattast som lite dominerande i det store landskapet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Elvesletta i Medalen er ein stor elveavsetning og er den viktigaste masse-/grusførekomsten i Lom. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten samla på 45 000 tonn/år. I planen er årlege uttak oppgjeve til 40 000 tonn. Visa si elvevifte har svært grovt materiale med mykje blokk og stein, mens grus er dominerande fraksjon vidare nedstraums. Elvegrusen i Bøvre har generelt gode mekaniske eigenskapar og kan nyttast til de fleste veg- og betongformål. I grunnvassdatabasen, GRANADA, er området registrert med forventa stort grunnvasspotensial. Det er mange borebrunnar knytt til lausmasseførekomsten, men ingen i det regulerte uttaksområdet.	Utnytting av grusførekomsten i Medalen har stor verdi lokalt og for entreprenørbedrifter i kommunen. Dersom ein ikkje kan ta ut grus her, er det ikkje andre uttaksområde i kommunen som kan erstatte uttaka her, både når det gjeld mengde og kvalitet. Grus til bygge- og anleggsverksemd i Lom, må da skaffast ved å gjere vesentleg større uttak i Bøvermunningen (jf. <i>Kommunedelplan for Fossbergom frå 2020</i> og <i>Reguleringsplan for Bøvermunningen</i> frå 1998) eller fraktast inn frå nabokommunane. Det er lite truleg at det for andre masseuttak som er aktuelle, er knytt vesentleg mindre negative konsekvensar enn for uttaka i Medalen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor sjølve masseuttaksområda eller i områda der massane blir behandla eller frakta på land. Kring den store elvesletta er det ei rekke freda bygningar på garden Sulheim øvre, og det er bygningar som er registrerte i SEFRAK-registrert på Sulheim nedre, Gaupar sygard, Gaupar nordre og Glømsdal – fleire med meldeplikt. Området ligg innafor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren føreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaka og lagringa/behandlinga av massane på land, råker ikkje kjende kulturminne. Opplevinga av gardstun med freda eller gamalt, verdfullt bygningsmiljø, blir ubetydeleg forringa av masseuttaka og aktiviteten i massebehandlingsområda. Ein vurderer ikkje masseuttaka til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA. Masseuttaka har gått føre seg i mange år før det var snakk om kulturlandskapsområde, og er styrt gjennom reguleringsplan.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til uttaka og massebehandlingsområda. Massebehandlingsområde M110 ligg i god avstand frå bygnad ved skytebanen på Stein og innafor berekna støysoner for denne. M111 har vore nytta i mindre grad, og ligg i god avstand frå næraste bygnad – over 500 m. Område M112 ligg på det næraste 200 m frå gardsbygnaden på Sulheim nedre, og det er ein rygg som verkar som støyskjerm mellom anleggsstaden og gardsbygnaden. Det har tidvis vore drive asfaltverk på staden, som kan gi noko luftforureining.	Massetaka i Medalen ligg forholdsvis sentralt plassert i forhold til område med byggeaktivitet i Lom. I Lom har ein også eit regulert uttaksområde i Bøvermunningen ved Fossbergom. Det gir kort avstand, men det kan ikkje takast ut så store mengder grus her at det vil dekkje behovet. Alternative uttak av nokon storleik elles i nabokommunar, vil gi vesentleg lengre transportavstand, og dermed auka utslepp av klimagassar og energiforbruk. Støy og støvflukt kan vere eit problem i samband med massetak. Uttaka og områda for behandling av grusen, ligg i Medalen forholdsvis langt unna bustad- og fritidsbygnad, slik at støy og støvflukt medfører lite problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Dei masseuttaksområda som er i drift M110 og M112, ligg i tilknytning til Fv55 og har avkøyring til denne. Det er ikkje etablert anna infrastruktur til områda, og det er heller ikkje registrert slike behov.	Det er ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområda og områda for massebehandling har ikkje verdi og kjem ikkje i konflikt med friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Det er etablert ein diskgolfbane i området på sørsida av Bøvre rett ovafor M112. Det drives i liten grad aurefiske i Bøvre på strekninga, og det mest brukte området er ved utlaupet av Sula.	Den aktiviteten som Flåklupa sendeplåtelag har på diskgolfbane er ikkje råka av massetaka og massebehandlinga. Masseuttaket i elvestrengen gjer fritidsfiske mindre attraktivt på staden. Masseuttaka og behandlingsanlegga, råker elles ikkje vesentlege friluftsinnteresser og turområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativ omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Samfunnstryggleik	Aktsemdskart frå NVE viser at det regulerte uttaksområdet M31 i og kring elvestrengen, kan vere utsett for flaum, flaumskred, steinsprang og snøskred. I alt 585 daa fulldyrka jord i Meddalen ligg innafor aktsemds-område for flaum. Elles ligg område M110 for masselagring/grus-behandling utsett til for flaum, flaumskred, steinsprang og snøskred. Område M111 for masselagring/grus-behandling er omfatta av aktsemd for flaum, steinsprang og snøskred. Område M112 for masselagring/grus-behandling er omfatta av aktsemd for flaum, jord-/flaumskred og snøskred.	Det har vore rekna at masseuttaka i Bøvra har ein flaumdempande effekt, ved at ein unngår at større mengder masse stuvar seg opp på elveflata og fløymer over områda ikring. Det kan vere ein reell fare for skred mot anlegga for uttak og massebehandling, men desse har i stor grad flyttbare installasjonar og maskinar som dessutan i grusbehandlingsområda i nokon grad vil stå skjerma av grushaugar. Det er derfor lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv og medføre personskadar, eller at store materielle verdiar kan gå tapt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Trafikktryggleik	Ved frakt av masse til massebehandlingsanlegga M110 og M112, må Fv55 kryssast. Det er regulert og etablert avkøyringar til fylkesvegen. Det er ein årstdøgntrafikk på Fv55 på 700 køyretøy, der 13 % er lengre køyretøy. Fartsgrense er 80 km/t	Gode siktforhold ved avkøyringane til fylkesvegen, gjer at ein reknar at risikoen for ulykker er forholdsvis liten. Det er ikkje registrert trafikkulykker ved avkøyringane til massebehandlingsanlegga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Område M31 Medalen er den viktigaste masse-/grusførekomsten i Lom for økonomisk utnytting. Massetaka her utløyser store verdiar og er grunnlag for entreprenørverksemd lokalt. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem frå Visa og oppstraums i Bøvre, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv.	At aktiviteten med masseuttak i Bøvre her har skjedd over så lang tid, samstundes som at området innehar verneverdiar både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaka er til å leva med - i tillegg til at dei har ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaum, næringsverksemd og arbeidsplassar. Støy og andre påverknader mot omgjevnaden har heller ikkje vore problematisk, og det har vore få konflikthar knytt til uttaka.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Grusuttaka i Medalen er vurderte å ha *stor positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Jotunheimen, blir lagt av på den store elvesletta. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer, er balansert med den stadige tilførselen av grus.

Grusuttaka i Medalen er vurderte å ha *middels positiv konsekvens* for jordbruket, da grusuttak i elva er sett på som naudsynt for å hindre at elva fløymer over og øydelegg dyrka mark og skadar avlingar. Denne flaumdempande effekten har også gjort at uttaka kjem ut med *middels positiv konsekvens* på punktet samfunnsikkerheit.

At massetaka i Medalen ligg forholdsvis sentralt plassert i forhold til område med byggeaktivitet i Lom, og at alternative masseuttak av nokon storleik elles i nabokommunar, vil gi vesentleg lengre transportavstand, slår gunstig ut for Medalen når det gjeld vurdering av klimaeffekt. Ein må sjå på grusen som forholdsvis "stuttrest", og det slår gunstig ut med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Punktet "Forureining, energi og klima" kjem etter ei totalvurdering, dermed ut med *middels positiv konsekvens*.

At aktiviteten med masseuttak i Bøvre her har skjedd over så lang tid, samstundes som at området innehar verneverdiar både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaka er til å leva med - i tillegg til at dei har ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaum, næringsverksemd og arbeidsplassar. Dette gjer at punktet Attraktivitet og kvalitet er vurdert til *stor positiv konsekvens*.

Dei negative sidene av uttaka, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald og landskap. Bøvra si vernestatus og at området ligg innafor viktig kulturlandskap Bøverdalen, gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*.

Konklusjon:

Det er viktig for eit lokalsamfunn å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus og foredla produkt som betong, asfalt m.m. er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk. Kortare transportavstandar medfører også mindre tungtransport på vegane.


Massetak, og især uttak i vassdrag, vil i større eller mindre grad ha negative konsekvensar for natur- og landskapsverdiar, og medføre miljøulempar knytt til støy og støvflukt frå behandlingsanlegga. At aktiviteten med masseuttak i Bøvre her har skjedd over så lang tid, samstundes som at området framleis innehar verneverdiar både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaka er til å leva med. Det er ikkje bustad- eller fritidsbygning nær dei regulerte behandlingsanlegga for grusen som blir teke opp, slik at det er små ulemper knytt til desse.

At massetaka i tillegg har ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaum for jordbruksareala på den store elvesletta i Medalen, er viktig av omsyn til å unngå erosjonsskader/massavleiringar på dyrka mark og skade og tap av avlingar. Den store elvesletta i Medalen verkar som eit naturleg sedimentasjonsbasseng for massar som blir ført med elvene Bøvre, Visa, Sula og Glåma. Det blir lokalt vurdert som svært viktig at ein tek ut massar her for å førebygge skade for menneskeleg verksemd og aktivitet i Medalen og nedstraums i vassdraget i Bøverdalen.


Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaka i Medalen M31 for å ha større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg. Uttaksområdet og områda for behandling av masser som vert tekne ut, er omfatta av godkjend reguleringsplan. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i området er godt nok teke i vare gjennom gjeldande reguleringsplan, og finn å oppretthalde utlegging av arealet med same arealbruksformål som i planutkastet som vart lagt ut til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

2.3 M32: Bøvre ved Borgasanden – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	54/2 og 52/6
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	Uttaksområde: 19,5 daa. Lagrings-/grusbehandlingsområde: 4,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	4,4 daa
Området for råstoffutvinning er regulert i reguleringsplan for Bøvre ved Borgasanden godkjend 18.09.1998, planid. 5140038. Det vart gjennomført ei reguleringsendring som vart vedteken 04.02.2000, men denne dreidde seg berre om lagringshøgde for masser på land. Området for uttak av grus – M32A - omfattar eit 19,5 dekar stort område i elva Bøvre, der massar som blir ført med vassdraget legger seg opp som grusøyrrar utanfor Borgen der det er ein fjellterskel som demmar opp for grusmassane som blir ført med elva. Området for lagring og behandling av grusen – M32B - ligg nær Flåkløpa eit par hundre meter vest for krysset mellom Fv55 og Fv2638 og omfattar eit areal på om lag 4,4 daa. Avgrensinga områda for råstoffutvinning på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak ligg i vedteken reguleringsplan (M32A og M32B). Det blir årleg teke ut grus og steinmassar som blir lagt opp i elva Bøvre av lokale entreprenørar. Det har vore drive uttak av massar frå Bøvre her før området det vart laga reguleringsplan. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak, nokon mindre for område M31 Medalen. I vassdragsplanen er uttaket i 1993 oppgjeve til om lag 1600 tonn. Massane er godt eigna for veg- og betongføremål. I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvre, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomsten i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling. Dyrka areal i området ligg utsett til for flaum. Grusuttak i elva verkar førebyggjande både med omsyn til overfløyming og skadar på dyrka mark og med omsyn til erosjon mot elvebreidda og offentleg vegareal. Område for lager- og grusbehandling i reguleringsplanen – M32B – var ved ei forgløyming ikkje teikna inn på plankartet som var utlagd til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Området blir teke inn og er del av konsekvensutgreiinga som er gjort under.	



Områda for råstoffutvinning M32A og M32B i kommuneplanforslaget. Skrå skravering viser omsynssoner for kulturlandskap Bøverdalen, viktig naturtype vest for gardsbygningen og for støysone langs Fv55. Områda for råstoffutvinning er omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



Reguleringsplankart for "Bøvre ved Borgasanden" godkjend 18.09.1998, planid. 5140038.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Bøvre er varig verna vassdrag. Områda bakom bygnaden på Borgen, Vangen og Urdi, er kartlagd som viktig naturtype og ligg som omsynssone i kommuneplanen. Grunnlag for dette er registreringar av truga/ sårbare planteartar. I artsdatabanken er det ingen registreringar av truga/sårbare artar på areal som er regulert for råstoffutvinning, men ein kjenner til at <i>Oter</i> med status VU – sårbar - har tilhald i elva om vinteren.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Bøvre som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere skadeleg for fisk og vasslevande dyr og plantar, sjølv om uttaka i all hovudsak skjer utanom vassstrengen på låg vasstand i elva. Områda for råstoffutvinning råker ikkje viktig naturtype.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Lagrings-/ behandlings- (M32B) området ligg på areal som tidlegare var dyrka. Trafikk mellom uttaksområdet M32A og M32B skjer på Fv2638. 47 dekar fulldyrka jord i området ligg i aktsemds-område for flaum (NVE).	Lagringsområdet er oppført som dyrkbart da tidlegare var dyrka. Arealet har no vore omdisponert for grusformål i over 30 år. Massetak i elva førebygger flaumskadar på dyrka mark.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Arealet ligg i område i Bøverdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Masseuttaksområdet består av elveøyrrer som årleg er fløymt over av Bøvre. Området er omgjeve av høge, bratte fjell på alle kantar, og ligg like nord for Flåklipa. Her er dalen på det smalaste, og digre steinblokkar som har rast ut i elva, er dominerande landskapselement. På vestsida av elva ligg Fv2638 nær elva og det er gardsbygnad og dyrka mark. På austsida går Fv55 nær uttaksområdet. Lagrings-/behandlings-området ligg nær Flåklipa vest for krysset mellom Fv55 og Fv2638.	Dei synlege inngrepa av uttaka på den blottlagde elveøyra og i elvestrengen på låg vasstand, blir viska ut av straumen i elva, og forsvinn når elva går opp att og blir flaumstor på sommaren og på hausten. Området for lagring-grusbehandling på land ligg i inst i ein huk inn mot dalsida og er mest synleg for trafikk langs fylkesvegen. Dette arealet ligg nær Flåklipa med karakteristiske store steinblokkar ute i elva, og kan oppfattast som noko skjemmaende i kulturlandskapet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Lokaliteten ligg på ein stor elveavsetting mellom Flå bru og Akselen. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak, nokon mindre for område M31 Medalen. I vassdragsplanen er uttaket i 1993 oppgjeve til om lag 1600 tonn. Massane er godt eigna for veg- og betongføremål. I grunnvassdatabasen, GRANADA, er det ikkje registrert borebrunnar områda for råstoffutvinning.	Utnytting av grusførekomsten er av NGU rekna av lokal verdi og vert utnytta av lokale entreprenørbedrifter.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor sjølve masseuttaksområdet eller i områda der massane blir lagra/behandla. På Borgen, Urdi og Flå er det bygningar som er registrerte i SEFRAC-registrert, nokre med meldeplikt. Området ligg innafor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren foreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaket og lagringa/behandlinga av massane på land, råker ikkje kjende kulturminne. Opplevinga av eldre bygningar på Borgen, Urdi og Flå blir ubetydeleg forringa av masseuttaka og aktiviteten i massebehandlingsområda. Ein vurderer ikkje at områda for råstoffutvinning M32 til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA. Masseuttaka har gått føre seg i mange år før det var snakk om kulturlandskapsområde, og er styrt gjennom reguleringsplan.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til uttaka og massebehandlingsområda. Massebehandlingsområde M32B ligg om lag 300 m frå næraste bustadbygning på Flå og Urdi.	Området ligg forholdsvis sentralt plassert i forhold til transport til område med byggeaktivitet i Lom, noko som kan reknast som positivt med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Støy og støvflukt medfører lite problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Teknisk infrastruktur	Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet ligg i tilknytning til Fv2638 og har avkøyringar til denne. Det er ikkje etablert anna infrastruktur til områda, og det er heller ikkje registrert slike behov.	Det er ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområda og områda for massebehandling har ikkje verdi, og kjem ikkje i konflikt med friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Det drives i liten grad aurefiske i Bøvre på strekninga.	Masseuttaket i elvestrengen gjer fritidsfiske mindre attraktivt på staden. Masseuttaka og behandlingsanlegga, råker elles ikkje vesentlege friluftsinnteresser og turområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativ omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Uttaksområda og områda kring elvestrengen, er flaumutsett. Ved Borgen er det ein fjellterskel som gjer at lausmassar hopar seg opp. Aktsemdskart frå NVE viser at område M32A og M32B er utsett for steinsprang, jord- og flaumskred og snøskred.	Det har vore rekna at masseuttaka i Bøvre her har ein flaumdempande effekt, ved at ein unngår at større mengder masse stuvar seg opp på elveflata og fløymer over områda ikring. Det kan vere ein reell fare for skred mot anlegga for råstoffutvinning. Det er lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv og medføre personskadar knytt til grusverksemda i området, og det vil heller ikkje vere snakk om at store materielle verdiar kan gå tapt, da desse er i stor grad er flyttbare og forholdsvis enkle installasjonar og maskinar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet ligg i tilknytning til Fv2638 og har avkøyringar til denne. Trafikken mellom uttaksområdet og lagringsområdet skjer på Fv2638. Fylkesvegen har ein årsdøgntrafikk på 80 køyretøy på Fv2638 på strekninga, der 10 % er lengre køyretøy.	Liten trafikk og forholdsvis gode og oversiktlege avkøyringar til fylkesvegen, gjer at ein reknar at risikoen for ulykker er forholdsvis liten. Det er ikkje registrert trafikkulykker ved avkøyringane til massebehandlingsanlegga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Område M32 Borgasanden er av NGU rekna for å vere ein lokalt viktig grusførekomsten for økonomisk utnytting. Massetaket her utløyser verdier og er grunnlag for entreprenørverksemd lokalt. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv.	At aktiviteten med masseuttak på Borgasanden har skjedd over så lang tid, samstundes som at området innehar verneverdier både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaket er til å leva med. I tillegg har masseuttaket ein positiv effekt når det gjeld forebygging av flaumskadar på dyrka jord og offentleg veg. Støy og andre påverknader mot omgjevnaden har heller ikkje vore problematisk.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	---	---	---

Samla vurdering:

Grusuttaket ved Borgasanden er vurderte å ha *middels positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Jotunheimen, blir lagt av som ei øyr utafor Borgen der det er ein fjellterskel. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus. Grusuttaka i Medalen er vurderte å ha *liten positiv konsekvens* for jordbruket, da grusuttak i elva er sett på som naudsynt for å hindre at elva fløymer over og øydelegg dyrka mark og skadar avlingar. Denne flaumdempande effekten har også gjort at uttaka kjem ut med *middels positiv konsekvens* på punktet samfunnsikkerheit.

Massetaket på Borgasanden ligg forholdsvis sentralt plassert i forhold til område med byggeaktivitet i Lom. Ein må sjå på grusen som forholdsvis "stuttrest", og det slår gunstig ut med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Punktet "Forureining, energi og klima" kjem etter ei totalvurdering, dermed ut med *liten positiv konsekvens*.

Dei negative sidene av uttaka, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdier og naturmangfald og landskap. Bøvra si vernestatus og at området ligg innafor viktig kulturlandskap Bøverdalen, gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*.

Konklusjon:

Det er viktig for eit lokalsamfunn å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus og foredla produkt som betong, asfalt m.m. er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk. Kortare transportavstandar medfører også mindre tungtransport på vegane.

Massetaket på Borgasanden har ein positiv effekt når det gjeld forebygging av flaum, og er viktig av omsyn til å unngå erosjonsskader/massavleiringar på dyrka mark og skade og tap av avlingar.


Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaka på Borgasanden M32 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg. Plankontoret vurderer at ressursar og verdier i området gjer at ein vil å oppretthalde utlegging av M32 som areal for råstoffutvinning i planforslaget.

2.4 M102: Bøvre ved Kvandalsvoll – Råstoffutvinning - eksisterande.


Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	119/1
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	5,2 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa

Området for råstoffutvinning er regulert i reguleringsplan for Bøvre ved Kvanndalsvoll godkjend 12.03.1998, planid. 5140051. Området for uttak av grus omfattar eit 5,2 dekar stort område i elva Bøvre, der massar som blir ført med vassdraget legger seg opp i elva nedfor garden Kvandalsvollan. Avgrensinga av områda for råstoffutvinning på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak ligg i vedteken reguleringsplan. Det har vore drive uttak av massar frå Bøvre her før området det vart laga reguleringsplan. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak 40 tonn/år.

I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvre, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomsten i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar og skje i periodane 1-15 juni og 15-31. august. Vidare at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket, og at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling.



M102 slik det ligg i kommuneplanforslaget. Skrå skravering viser omsynssonar for kulturlandskap Bøverdalen og for viktig naturområde i nordvestre hjørne. Område M102 er omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifa.



Reguleringsplankart for "Bøvre ved Kvandalvoll" godkjend 12.03.1998, planid. 5140051.



Flyfoto 2017. Det er lite synlige spor av masseuttak innafor område M102.



Flyfoto 2010. Her kan ein sjå at det er lagt opp ein haug med grus ved plassen mot elva ved fylkesvegen.



Flyfoto 1981. Bilde er teke før området M102 vart regulert for massetak i 1998. Det skal ha vore masseuttak i området før området var regulert for føremålet, men det er ikkje synlege spor av masseuttak som går fram av bildet.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Bøvre er varig verna vassdrag. I Artsdata-banken er det ingen registreringar av truga/sårbare artar i området som er regulert for råstoffutvinning. Områda oppfor fylkesvegen er kartlagd som viktig naturtype og ligg som omsynssone i kommuneplanen. Grunnlag for dette er registreringar av truga/sårbare planteartar.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Bøvre som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere skadeleg for fisk og vasslevande dyr og plantar, sjølv om uttaka i all hovudsak skjer utanom vassstrengen på låg vasstand i elva. Områda for råstoffutvinning råker ikkje viktig naturtype.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområda ligg på areal som er elv/vassareal, og det omfattar ikkje areal som er dyrka/dyrkbart. Landbruksareal og dyrka jord kring elva. I reguleringsplanen er det ikkje teikna inn kor massane skal lagrast eller evt. behandlast på land.	Masseuttaket har ein flaumdempende effekt ved at ein unngår at større mengder masse stavar seg opp og medfører flaum- og erosjonsskadar på dyrka mark. Om massane ikkje skal køyrast bort, men bli lagra og bli behandla på land, kan det eventuelt legge beslag på landbruksareal.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Arealet ligg i område i Bøverdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Masseuttaksområdet består av vestre del av ei elveøyr som blir lagt opp og delar av året er fløymt over av Bøvre. Området er omgjeve av høge, bratte fjell på alle kantar. På nordsida går Fv2642 nær uttaksområdet.	Massetaka i elva her er lite omfattande. Dei synlege inngrepa av uttaka på den blottlagde elveøyra og i elvestrengen på låg vasstand, blir viska ut av straumen i elva, og forsvinn når elva går opp att og blir flaumstor på sommaren og på hausten.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Området er ikkje med på NGUs kart over viktige grusressursar. Uttaka er små. I følgje Vassdragsplan for Otta, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak 40 tonn/år. I grunnvass-databasen, GRANADA, er det ikkje registrert borebrunnar.	Utnytting av grusførekomsten er i kommunedelplanen for grus rekna for å ha lokal verdi. Massane nyttast til vegformål (td. på Netosætervegen) og landbruket i området, og gjer transport kortare. Uttaket har slik sett stor lokal verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i eller nær uttaksområdet. På Kvandalsvollan er det bygningar som er registrerte i SEFRAK-registrert. Området ligg innafor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren føreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaket, råker ikkje kjende kulturminne. Opplevinga av eldre bygningar Kvandalsvollan blir ubetydeleg forringa av masseuttaket. Ein vurderer ikkje at områda for råstoffutvinning M102 til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA. Masseuttaket er av lite omfang, og er styrt gjennom reguleringsplan.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til masseuttaket. Uttaksområdet ligg om lag 200 m frå næraste bustadbygning på Kvandalsvollan.	Massane nyttast til vegformål og landbruket i området, og gjer transport kort for lokal bruk. Kort transport er positivt med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Støy og støvflukt medfører lite problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Uttaksområdet ligg i tilknytning til Fv2642 og har avkøyring til denne. Det er ikkje etablert anna infrastruktur til områda, og det er heller ikkje registrert slike behov.	Det er ikkje knyta særskilte verkknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområda og områda for massebehandling har ikkje verdi, og kjem ikkje i konflikt med friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Det drives i liten grad aurfiske i Bøvre på strekninga.	Masseuttaket i elvestrengen gjer fritidsfiske mindre attraktivt på staden. Masseuttaka og behandlingsanlegga, råker elles ikkje vesentlege friluftsinnteresser og turområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativ omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Områda kring elvestrengen, er flaumutsett. Aktsemdskart frå NVE viser at området kring uttaket er utsett for steinsprang, jord- og flaumskred og snøskred.	Masseuttaka har ein flaumdempande effekt ved at ein unngår at større mengder masse stavar seg opp på elveflata og medfører overfløyming og erosjonsskadar på dyrka mark. Det er lite sannsyn for at skred vil medføre personskadar eller tap av større materielle verdiar med omsyn til aktiviteten i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Trafikktryggleik	Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet ligg i tilknytning til Fv2642 og har avkøyring til denne. Fylkesvegen har ein årsdøgntrafikk på 100 køyretøy på strekninga, der 10 % er lengre køyretøy. Fartsgrense er 80 km/t.	Liten trafikk og forholdsvis god og oversiktleg avkøyring til fylkesvegen, gjer at ein reknar at risikoen for ulykker er forholdsvis liten. Det er ikkje registrert trafikkulykker ved avkøyringa til massebehandlingsanlegga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Uttaket er lite og er ikkje med på NGU sitt grusressurskart. Ressursen er i kommunedelplanen rekna for å vere lokalt viktig. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv.	At masseuttaket her har skjedd over så lang tid, samstundes som at området innehar verneverdiar både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaket er til å leva med. I tillegg kan masseuttaket ha ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar på dyrka jord og offentleg veg. Støy og andre påverknader mot omgjevnaden har ikkje vore problematisk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Masseuttaket har ein flaumdempende effekt ved at ein unngår at større mengder masse stuvar seg opp og medfører flaum- og erosjonsskadar på dyrka mark. Grusuttaket ved Kvandalsvollan er elles vurdert å ha positive konsekvensar når det gjeld utnytting av geologiske ressursar, klima- og energi, jord- og skogbruk. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Breheimen, blir lagt av som ei øyr utafor Kvandalsvollan. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus.

Dei negative sidene av uttaka, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald og landskap. Bøvra si vernestatus og at området ligg innafor viktig kulturlandskap Bøverdalen, gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*.


Konklusjon:

Massetaket har ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaum. Sjølv om uttaket her er lite, er det viktig å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.


Konsekvensutgreinga tilseier at masseuttaka på Kvandalsvoll M102 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg. Uttaksområdet er omfatta av godkjend reguleringsplan. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i området er godt nok teke i vare gjennom gjeldande reguleringsplan, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M102 som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

2.5 M24: Leira ved Liasanden – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 - Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	Uttaksområde: 13,8 daa. Lagrings-/grusbehandlingsområde: 7,7 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa
Områda for råstoffutvinning er regulert i reguleringsplan for Liasanden godkjend 12.03.1998, Planid. 5140048. Området for uttak av grus – M24A - omfattar eit 13,8 dekar stort område i elva Leira, der massar som blir ført med vassdraget legger seg opp som grusøyrar. Området for lagring og behandling av grusen – M24B - ligg nær Fv55, og omfattar eit areal på om lag 7,7 daa. Avgrensinga områda for råstoffutvinning på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak ligg i vedteken reguleringsplan (M24A og M24B). Det har vore drive uttak av massar frå Leira her før området det vart laga reguleringsplan. Tidlegare har Statens Vegvesen teke ut ei større mengde masser frå elva for asfaltproduksjon, og i Vassdragsplan for Otta frå 1994 var dette uttaket så stort at det endra avsettingsforholda i elva på staden. I samband med utarbeidinga av reguleringsplanen viste vegvesenet til ein rett dei har til uttak i området. Etter reguleringsplanen vart vedteken, er det fastsett regler som avgrensar mengdene for uttak. Det blir no teke ut grus for lokal bruk. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak på 6000 tonn/år. Massane er godt eigna for veg- og betongføremål. I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomsten i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling. Dyrka areal i området ligg utsett til for flaum. Grusuttak i elva verkar førebyggjande både med omsyn til overfløyning og skadar på dyrka mark, og med omsyn til erosjon mot elvebreidda og offentleg vegareal. Område for lager- og grusbehandling – M24B – var ved ei forgløyning ikkje teikna inn på plankartet som var utlagd til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Området blir teke inn og er del av konsekvensutgreiinga som er gjort under.	



Kartutsnitt frå kommuneplanforslaget. Skrå skraveringar viser omsynssonar for kulturlandskap og for støysone langs Fv55. Områda for råstoffutvinning er omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



Reguleringsplan for "Liasanden" godkjend 12.03.1998. Planid. 5140048. Samanliknar ein med utsnittet frå kommuneplankartet øvst, ser ein at elva har endra seg og graver seg inn i breidda mot nord og det søre laupet har vorte tørt land.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Leira som er sideelv til Bøvre, er varig verna vassdrag. Det er ikkje areal ved Liasanden som er registrert som viktig naturtype. I Artsdata-banken er det registreringar av bakkesøte, finnmarkssiv, fjellmarinøkkel, setermjelt og blå rapp, i eller i nærleiken av område M24B. Alle desse plantene har status som LC -livskraftig – i den norske raudlista. På kommunen sitt viltkart er området vist som del av beiteområde for elg, hjort og rådyr. Området omfattar heile øvre del av Bøverdalen og nedre del av Leirdalen.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Leira, og som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere til skade for fisk og vasslevande dyr og plantar, sjølv om uttaka i all hovudsak skjer utanom vassstrengen på låg vassstand i elva. Av flybilde som er teke over ei periode på 40 år og som er vist under, går det fram at elve-laupt og elveøyane, stadig er i endring. Det kan sjå ut som at det er naturen som styrer, og at endringane i liten grad er påverka av masseuttaket i elva.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Områda for råstoffutvinning råkar ikkje dyrka jord eller dyrkbar jord eller anna areal som har verdi for landbruksproduksjon eller som beiteområde.	Massetak i elva førebygger flaumskadar på dyrka mark.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne innanfor masseuttaks-området eller i området der massane blir lagra/behandla. Området ligg innfor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren foreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaket og lagringa/behandlinga av massane på land, råkar ikkje kjende kulturminne. Ein vurderer ikkje at områda for råstoff-utvinning til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA. Masseuttaka har gått føre seg i mange år før det var snakk om kulturlandskapsområde, og er styrt gjennom reguleringsplan.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Landskap	Arealet ligg i område i Bøverdalen/Leirdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Masseuttaksområdet består av elveøyrrer som årleg er fløymt over av Leira. Området består av ei stor flate som er omgjeve av gardsbyggnad på vestsida og elles av høge fjell på alle kantar. Fv55 går i dalbotn dels nær elva og områda for råstoffutvinning. Gardsbyggnaden i området er ikkje særskilt gamal eller har særskilte verneverdiar.	Dei synlege inngrepa av uttaka på den blottlagde elveøyra og i elvestrengen på låg vasstand, blir viska ut av straumen i elva, og forsvinn når elva går opp att og blir flaumstor på sommaren og på hausten. Området for lagring- grusbehandling ligg tett inntil Fv55, men aktiviteten/ omfanget er lite slik at ein ikkje vil rekne det for å ha særleg skadeverknader for landskapsopplevinga. Med omsyn til massetakets verknader for landskapet viser ein til flybilda som er teke over 40 år som er kommentert framføre. Det kan sjå ut som at det er naturen som styrer, og at masseuttaket i elva i liten grad ser ut til å påverke elvelandskapet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Lokaliteten ligg på ein stor elveavsetting. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak, på 6000 tonn/år. Massane er godt eigna for veg- og betongføremål. I GRANADA, er det ikkje registrert brunnar i eller nær områda for råstoffutvinning, men karta til NGU viser at det er stort potensiale for grunnvassressursar.	Utnytting av grusførekomsten er av NGU rekna av lokal verdi. Grusressursen vert i dag utnytta lokalt i grenda. Tidlegare har Statens vegvesen hatt større uttak i området for asfaltproduksjon.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet ligg i tilknytning til Fv55 og har avkøyring til denne. Det er ikkje anna infrastruktur.	Det er ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til uttaka og massebehandlingsområda. Massebehandlingsområde M24B ligg i kort avstand (75 m) til frå næraste gardsbygning med våningshus	Utnytting av grusressursen lokalt i grenda kan reknast som positivt med omsyn til utslipp av klimagassar og energiforbruk. Alternativt er transport av masse frå uttaka i Medalen som ligg 13-14 km unna. Ein kjenner ikkje til at støy og støvflukt medfører særlege problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet ligg i tilknytning til Fv55 og har avkøyring til denne. Fylkesvegen har ein årsdøgntrafikk på 369 køyretøy, der 8 % er lengre køyretøy. Fartsgrensa er 80 km/t.	Omfanget av verksemda, liten trafikk og ein god og oversiktleg avkøyring til fylkesvegen, gjer at ein reknar at risikoen for ulykker i forbindelse med grustrafikken er liten. Det er registrert fleire trafikkulykker nordaust for området ved svingen ved Veslliahaugen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområda og områda for massebehandling har ikkje verdi og kjem ikkje i konflikt med friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Det drives i liten grad aurefiske i Leira på strekninga.	Masseuttaket i elvestrengen gjer fritidsfiske mindre attraktivt på staden. Masseuttaka og behandlingsanlegga, råker elles ikkje vesentlege friluftsinnteresser og turområde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativ omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Uttaksområda og områda kring elvestrengen, er flaumutsett. Aktsemdskart frå NVE viser at område M24A og M24B er utsett for flaum, snøskred og dels jord- og flaumskred. Det har vore rekna at masseuttaket i Leira her har ein flaumdempande effekt, ved at ein unngår at større mengder masse stuvar seg opp på elveflata og fløymer over områda ikring.	Det kan vere ein reell fare for skred mot områda for råstoffutvinning. Det er lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv og medføre personskadar knytt til grusverksemda i området, og det vil heller ikkje vere snakk om at store materielle verdiar kan gå tapt, da desse er i stor grad er flyttbare og forholdsvis enkle installasjonar og maskinar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Område M24 Liasanden er av NGU rekna for å vere ein lokalt viktig grusførekomsten for økonomisk utnytting. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv. Støy og andre påverknader mot omgjevnaden har ikkje vore problematisk.	At aktiviteten med masseuttak på Liasanden har skjedd over så lang tid, samstundes som at området innehar verneverdiar både når det gjeld kulturlandskap og natur, tilseier at masseuttaket er til å leva med. I tillegg har masseuttaket ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar på dyrka jord og offentleg veg.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
---------------------------	--	---	---

Samla vurdering:

Grusuttaket ved Liasanden er vurderte å ha *middels positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Jotunheimen, blir lagt av som øyrer i elva. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus.

Grusuttaka i Medalen er vurderte å ha *liten positiv konsekvens* for jordbruket, da grusuttak i elva er sett på som naudsynt for å hindre at elva fløymer over og øydelegg dyrka mark og skadar avlingar. Denne flaumdempande effekten har også gjort at uttaka kjem ut med *liten positiv konsekvens* på punktet samfunnsikkerheit.

For lokal bruk i grenda er grusen på Liasanden å sjå på som "stuttreist", og det slår gunstig ut med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Punktet "Forureining, energi og klima" kjem etter ei totalvurdering, dermed ut med *liten positiv konsekvens*.


Dei negative sidene av uttaka, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald og landskap. Leira si vernestatus som sideelv til det verna vassdraget Bøvre, og at området ligg innafor viktig kulturlandskap Bøverdalen, gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens* for Naturverdiar og naturmangfald og for Landskap.

Konklusjon:


Det er viktig for eit lokalsamfunn å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk. Kortare transportavstandar medfører også mindre tungtransport på vegane.

At massetaket på Liasanden har ein positiv effekt når det gjeld førebygging av flaum for jordbruksareala, er viktig av omsyn til å unngå erosjonsskadar/massavleiringar på dyrka mark og skade og tap av avlingar.

Konsekvensutgreinga tilseier at masseuttaka på Liasanden M24 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg. Uttaksområdet og området for behandling av masser, er omfatta av godkjend reguleringsplan. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i området er godt nok teke i vare gjennom gjeldande reguleringsplan, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M24 som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.




Ein ser på flybilde frå 1981 at det var masseuttak i området før det vart regulert for formålet i 1989.



Samanliknar ein flybilde frå 2002 med det frå 1981, kan ein sjå at djupålen i elva har flytta seg noko mot nordvest og at elveøyrene er noko endra.




Samanliknar ein flybilde frå 2011 med dei frå 1981 og 2002, kan ein sjå at elva er i stadig endring. I 2011 er lokaliseringa av djupålen og elveøyrene meir lik forholda i 1981 enn i 2002.




Samanliknar ein flybilde frå 2020 med dei frå dei andre åra, ser ein at elva etter storflaumen i oktober 2018 har grove seg inn i elvekanten og at djupålen ligg lengre vest med store elveøyre austafor.

2.6 M101: Bøvre ved Prestsæter – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdals statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	Uttaksområde: 3,6 daa. Lagrings-/grusbehandlingsområde: 0,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa
Områda for råstoffutvinning er regulert i reguleringsplan for Prestseter, godkjend 12.03.98. Planid. er 5140047. Området for uttak av grus – M101A - omfattar eit 3,6 dekar stort område i elva Bøvre, der massar som blir ført med vassdraget legger seg opp som ei grusøyr. Område for lagring og behandling av grusen – M101B – er regulert til eit tidlegare massetak ved Bøverdalsvegen som ligg om lag 600 m frå uttaksområdet. Det omfattar eit areal på om lag 0,8 daa. Avgrensinga områda for råstoffutvinning på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak ligg i vedteken reguleringsplan (M101A og M101B). Det har vore drive uttak av massar frå Bøvra her før området det vart laga reguleringsplan. Etter reguleringsplanen vart vedteken, er det fastsett regler som avgrensar mengdene for uttak. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak på 30 tonn/år. Massane er lite brepåverka, og grusen er av god kvalitet. Det blir no teke ut grus for lokal bruk. Uttaksmengdene er små, og i samband med reguleringa uttalte fjellstyret at uttaket burde bli avgrensa til vedlikehald av vegen og til lokale byggeformål. I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for kommersiell utnytting av masseførekomsten i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar i første halvdel av juni og i siste halvdel av august, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling. Dyrka areal på Aukrustsætre, Prestsætre, Vekkjesætre og Glåmbakken ligg utsett til for flaum. Sjølv om førebygging av flaumskadar var oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998, er det usikkert om eit så vidt lite uttak kan ha noko særleg å seie for å unngå overfløyming og skadar på dyrka mark og mot vegareal i området. Område for lager- og grusbehandling – M101B – var ved ei forgløyming ikkje teikna inn på plankartet som var utlagd til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Området er teke inn og er del av konsekvensutgreiinga som er gjort under.	



Kartutsnitt frå kommuneplanforslaget. Skrå skravering viser omsynssonar for kulturlandskap Bøverdalen. Område M101 er omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



Reguleringsplankart for "Bøvre ved Prestseter" godkjend 12.03.1998, planid. 5140047.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Bøvre er varig verna vassdrag. Det er ikkje areal ved Prestsæter som er registrert som viktig naturtype. I Artsdata-banken er det registreringar av snøull – med status NT (nær truga) på raudlista og setersoleie med status VU (sårbar) i området nedstraums uttaket. På kommunen sitt viltkart er området vist som del av beiteområde for elg, hjort og rådyr. Beiteområdet omfattar heile øvre del av Bøverdalen og nedre del av Leirdalen.	Massetak forringer verneverdiane knytt til Bøvra, og som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere til skade for fisk og vasslevande dyr og plantar. Det er lite sannsyn for at uttaket kan påverke veksestadane for snøull og setersoleie.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet, det regulerte lagrings-/behandlingsområdet og det nytta lagringsområdet ligg ikkje på areal som er dyrka/ dyrkbart. Det er elles landbruksareal og dyrka jord kring elva.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med jord- og skogbruk. Dyrka areal i seterområdet ligg utsett til for flaum. Sjølv om førebygging av flaum-skadar var oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998, vurderer ein det som usikkert om eit så vidt lite uttak kan ha noko særleg å seie for å motverke flaum og skadar på dyrka mark	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i område i Bøverdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Ut frå flybilde ser det ut til at lagring av grus framleis skjer på øya ved uttaksområdet, og ikkje i det gamle masse-taket (M101B) som fastsett i regulerings-planvedtaket frå 1998. Området er omgjeve av seterlandskap og høge fjell på alle kantar. På nordsida går Bøverdals-vegen (Prestsetervegen).	Massetaka i elva her er lite omfattande. Landskapsverknadane er større enn fastsett i reguleringsplanen, da flybilde frå 2004 og 2017, viser at lagring av grus framleis skjer på øya ved uttaksområdet der vegetasjonen er fjerna, og ikkje i det gamle massetaket (M101B) som fastsett i regulerings-planvedtaket frå 1998.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	På NGUs kart over grusressursar er elveavsettinga ved Prestseter kartlagt med liten verdi. I følge Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botn-transporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak på 30 tonn/år. Grusen er av god kvalitet. Uttaksmengdene er små, og i samband med reguleringa uttalte fjellstyret at uttaket burde bli avgrensa til vedlikehald av vegen og til lokale byggeformål.	Utnytting av grusførekomsten er i kommunedelplanen for grus rekna for å ha lokal verdi. Massane nyttast til vegformål (td. på Netosætervegen) og landbruket i området, og gjer transport kortare. Uttaket har slik sett stor lokal verdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i eller nær uttaksområdet eller lagringsområdet. På setrene er det freda kulturminne og bygningar som er registrerte i SEFRAK-registrert. Området ligg innafor omsynssone med viktig kulturlandskap Bøverdalen, og er av Riksantikvaren føreslege lagt ut som KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland).	Masseuttaket, råker ikkje kjende kulturminne. Opplevinga av eldre bygningar i seterområdet blir ubetydeleg forringa av masseuttaket. Ein vurderer ikkje at områda for råstoffutvinning M101A og M101B til å vere av vesentleg skade med omsyn til verneverdiane knytt til kulturlandskapet i Bøverdalen evt. KULA. Masseuttaket er av lite omfang, og er styrt gjennom reguleringsplan.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Utanom støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureiningsproblematikk knytt til masseuttaket. Uttaksområdet ligg om lag 250 m frå næraste sel på dei omkringliggande setrene.	Massane nyttast til vegformål og landbruket i området, og gjer transport kort for lokal bruk. Kort transport er positivt med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Støy og støvflukt medfører lite problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Uttaksområdet ligg i tilknytning til Bøverdalsvegen (Prestsetervegen) og har avkøyring til denne. Det er ikkje etablert anna infrastruktur.	Det er ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Områda kring uttaksområdet og det regulerte lagringsområdet og er ein del nytta som friluftsliv/turområde, og Bøvra på strekninga her og Dalsvatnet er mykje nytta for aurfiske. Denne strekninga av vassdraget er eigna for utøving av fiske for barn og unge/barnefamiliar.	Masseuttaket i elvestrengen gjer utøvinga fritidsfiske og friluftsliv mindre attraktivt på staden ved masseuttaket. Ved behandlinga av reguleringsplanen vart det påpeikt at periodane for masseuttak måtte avgrensast i forhold til fiske og med omsyn til gytetida for aure. I reguleringsplanføresegnene er masseuttaket avgrensa til å skje i første halvdel av juni og i siste halvdel av august.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativ omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Områda kring elvestrengen, er flaumutsett. Aktsemdskart frå NVE viser at området kring uttaket er utsett for steinsprang, jord- og flaumskred og snøskred.	Det er her meir tvilsamt om masseuttaket har ein nokon særleg effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar på dyrka jord og veg. Det kan vere ein reell fare for skred mot anlegga for råstoffutvinning, men lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv/personskadar eller større materielle verdier.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaksområdet og lagringsområdet ligg i tilknytning til Bøverdalsvegen/Prestsetervegen (privat bomveg), og har avkøyring til denne.	Det er liten trafikk og forholdsvis god og oversiktleg avkøyring til vegen. Ein reknar at risikoen for ulykker er forholdsvis liten. Det er ikkje registrert ulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Uttaket er lite, og er av NGU oppgjeve som ressurs av liten verdi. I kommunedelplanen er den rekna for å vere lokalt viktig. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv. Det er tvilsamt om uttaket har nokon særleg effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar.	Sjølv om uttaket her er lite, er det viktig å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk. Uttaket har ein del uheldige sider sett i forhold til livet i elva, og for utøving av aurfiske og friluftsliv i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> <i>Liten positiv konsekvens</i>

Samla vurdering:

Grusuttaket ved Prestsæter er vurdert å ha *liten positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar og forureining, energi og klima. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i Breheimen, blir lagt av i elva. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus. Sjølv om uttaket her er lite, er det viktig å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.

Dei negative sidene av uttaket, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald, landskap og utøving av friluftsliv. Bøvra si vernestatus, at området ligg innafør viktig kulturlandskap Bøverdalen og at området har verdi for som turområde og for utøving av friluftsliv – især fritidsfiske - gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*.

Konklusjon:

Sjølv om uttaket her er lite, er det viktig å ha tilgjengeleg råstoff lokalt for bygg- og anleggsverksemd. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.


Uttaket har ein del uheldige sider sett i forhold til livet i elva, og for utøving av aurfiske og friluftsliv i området. I reguleringsplanføresegnene er masseuttaket av den grunn, avgrensa til å skje i første halvdel av juni og i siste halvdel av august. Dersom drifta av uttaket skal halde fram, må ein sørgje for at lagring og grusbehandling blir flytt til det gamle massetaket (M101B) som fastsett i reguleringsplanvedtaket frå 1998, og at det ikkje skjer på øya ved uttaksområdet. Forutsett denne innskjerpinga, vurderer plankontoret at ressursar og verdiar i området er godt nok teke i vare gjennom gjeldande reguleringsplan, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M101 ved 2. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanforslaget.




Flybilde frå uttaket ved Prestsæter frå 2017. Det ser ut som at lagring av grus framleis skjer på øya ved uttaksområdet, og ikkje i det gamle massetaket (M101B) som fastsett i reguleringsplanvedtaket frå 1998.

2.7 M54: Finna ved Lauva – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren i Innlandet ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	159/1 – Finndalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	8,7 daa.
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa
Området for råstoffutvinning er regulert i reguleringsplan for Lauva, godkjend 12.03.1998. Namnet på reguleringsplanen er noko misvisande, da uttaksområdet ligg ved elva Finna om lag 600 m aust for elva Lauva sitt utlaup i denne. Planid. er 5140049. Området for råstoffutvinning - M54 - omfattar eit 8,7 dekar stort område ved elva Finna, der massar som blir ført med vassdraget legger opp som ei grusøyr. Avgrensinga områda for råstoffutvinning på kommuneplankartet, er lagt inn slik som område for massetak ligg i vedteken reguleringsplan. Det har vore drive uttak av massar frå Finna her før området det vart laga reguleringsplan. Det viser mellom anna flyfoto frå 1981 og sakspapira frå reguleringsplanprosessen i 1997-1998. Etter reguleringsplanen vart vedteken, er det fastsett regler som avgrensar mengdene for uttak. I følgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botntransporten som tilfører ny masse og gir grunnlag for uttak på ved Sterringi 1,5 km oppstraums område M54 berekna til 300 tonn/år. I planføresegnene står det at reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget, samstundes som ein skal førebyggje flaumskadar og leggje til rette for å ta ut grus for bruk på Finndalsvegen og byggetiltak på setrene. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar i første halvdel av juni eller siste halvdel av august, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Vidare at utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen må bli teke opp til ny behandling. Dyrka areal i seterområda ligg utsett til for flaum. Sjølv om førebygging av flaumskadar var oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998, er det usikkert om uttaket kan ha noko særleg å seie for å unngå overfløyming og skadar på dyrka mark og skadar på vegareal i Finndalen. Samanliknar ei flybiletet frå 1981 med nyaste flybiletet over området frå 2015 (teke inn sist i konsekvensutgreiinga for området), ser ein at elva Finna er i stadig endring. Mellom Sterringen og Odden er det eit godt utvikla system med meandrar – elva eroderer ut masse i yttersvingane og set av masse i innersvingane. Fleire stadar ligg gamle laup att som kroksjøar. Uttaksstaden M54 ligg i ein slik innersving på elva. Grunnlagskartet i Finndalen er basert på flybilda frå 1981 som vart teke opp i samband med etableringa av økonomisk kartverk. Av det nyaste flybildet frå 2015 kan ein sjå at elva på grunn av meandringa mange stadar ikkje ligg slik som på grunnlagskartet. Ved område M54 er det lita endring, medan Finna både ovafor og nedfor ser ut til å ha endra seg mykje mellom 1981 og 2015. Kommuneplanforslaget og reguleringsplanen frå 1998 baserer seg på grunnlagskartet (FKB) som altså har opphav i flybilde frå 1981. Finndalen vart verna som landskapsvernområde i 2006. Av verneforskrifta for landskapsvernområdet, går det fram at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. I pkt. 1.3 er det opna for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett for det i forvaltningsplanen. I forvaltningsplanen er det teke inn at masse til vegvedlikehald etter søknad takast i område med godkjende reguleringsplanar, mellom anna i område i Finna nedfor Lauva sitt utlaup.	



M54 på kartutsnitt fra kommuneplanforslaget. Ruteskravering viser at området er omfatta av bandleggingssone for vern etter naturmangfaldslova som del av Finndalen landskapsvernområde. Skrå skravering viser omsynssonar med særleg omsyn til naturmiljø (kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti langs Finna og nasjonalt villreinområde). Område M54 er elles omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



Reguleringsplan for "Lauva" godkjend 12.03.1998. Planid. 5140049.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg i Finndalen landskapsvernområde. Finna er varig verna vassdrag. Områda langs elva med kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, er kartlagd som svært viktig natur-type (Odden). Av faktaarket går fram at strandsnipe, enkeltbekkasin og gulerle hekker nær arealet. M54 ligg innafor nasjonalt villreinområde. Rett aust for M54 er det i Artsdata-banken registreringar av hengegras – med status CT (kritisk truga) på raudlista fordi den har avgrensa utbreiing. På viltkart er arealet vist som del av beiteområde for elg og hjort.	Massetak kan sjåast å forringe verneverdiane knytt til landskapsvern, villrein og til Finna, som er verna mot kraftutbygging og underlagt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Massetak vil i nokon grad vere til skade for fisk og vasslevande dyr og plantar. Det er lite sannsyn for at uttaket i vesentleg kan truge utbreiinga av hengegras. Arten veks i grunt ferskvatn og på vasskantar. Masseuttaksområdet er lite, og langs Finna er det kartlagd tusenvis av skot av hengegras langs ei 3 km lang strekning, sterkt beita av storfe og sau.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg ikkje på areal som er dyrka/ dyrkbart. Arealet som grenser inntil uttaksområdet er kartlagt som del av eit større dyrkbart område. Det dyrkbare arealet ligg utsett til for flaum.	Masseuttaket kjem i liten grad i konflikt med jord- og skogbruk. Forebygging av flaumskadar var oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998, men ein vurderer ein det som usikkert om uttaket kan ha noko særleg verknad med omsyn til dette.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg i Finndalen landskapsvernområde, og er omfatta av bandleggingssone på plankartet. Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kultur- landskap, ta vare på leveområde for villrein og anna biologisk mangfald, ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformar og å ta vare på særprega vassdragsnatur.	Massetaket ser ut til å skje når elveøyra er tørrlagd. Forvaltningsplanen opnar for at ein kan ta masse her til vegvedlikehald innafor ramane av reguleringsplanen etter søknad til vernestyresmakta. Sjølv om uttaket kan verke skjemmande for landskapsopplevinga, vurderer ein det ikkje til å vere av eit slik omfang at det vesentleg endrar eller verkar inn på landskapet sin art eller karakter.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Det har vore drive uttak av massar frå Finna her før området det vart laga reguleringsplan i 1989. På NGUs kart over grusressursar er det registrert elveavsettingar av vifte-materiale ut frå dalsidene ved uttaks-staden, og som NGU skriv at dei ut frå flyfoto har tolka og ha liten verdi. Det er ikkje denne ressursen som er nytta for uttak i område M54, men materiale som blir ført med Finna. Ifølgje Vassdragsplan for Otta frå 1994, er botn-transporten som tilfører ny masse som grunnlag for uttak ved Sterringi 1,5 km oppstraums område M54, berekna til 300 tonn/år.	Forvaltningsplanen for Finndalen landskaps-vernopråde opnar for at ein kan ta masse her til vedlikehald av Finndals-vegen innafor ramane av reguleringsplanen, da etter søknad til verne-styresmakta. Uttaket er da tenkt å dekkje behovet for grus for vedlikehald på ytre del av Finndalsvegen, medan eit anna regulert massetak på Measeterøye skal dekkje indre del av vegen. Å kunne nytte masse frå dei to lokale i Finndalen for vedlikehald av vegen, er gunstig, da det elles vil bli svært lang inntransport av masser, og som vil medføre auka trafikk og slitasje på lokalvegar og setervegar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i eller nær masseuttaks-området.	Masseuttaket, råker ikkje kjende kulturminne, og ligg i god avstand frå seterbygna.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Utanom noko støy og evt. støvflukt, er det ikkje vesentleg forureinings-problematikk knytt til masseuttaket. Uttaks-området ligg over 1 km m frå næraste seter.	Massane nyttast til vedlikehald av Finndals-vegen, og gjer transporten kort. Kort transport er positivt med omsyn til utslepp av klimagassar og energiforbruk. Støy og støv medfører ikkje problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Tilkomstveg skjer etter ein om lag 0,5 km lang tilkomstveg som tek av frå Finndalsvegen. Det er ikkje etablert anna infrastruktur til områda, og det er heller ikkje registrert slike behov.	Det er ikkje knyta særskilte verknadar til teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Områda kring elva, er flaumutsett. Aktsemdskart frå NVE viser at området er utsett for snøskred. Det er tvilsamt om uttaket har ein nokon stor effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar.	Uttaka skjer på sommaren, og faren for snøskred vil ikkje ha nokon betyding for aktiviteten i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Finndalen er generelt et fint området for å gå turar og utøve friluftslivsaktivitetar som jakt og fiske. Områda kring uttaksområdet er ikkje særskilt nytta for friluftsliv eller som turområde. Finna er lett tilgjengeleg som fiskeelv. Fisken er for det meste småvokst, men det er mogeleg å få større fisk.	Areala for friluftsliv i Finndalen er store og det er lite folk. Masseuttaket gjer utøvinga fritidsfiske og friluftsliv mindre attraktivt akkurat på staden ved masseuttaket, men det har avgrensa betydning. I reguleringsplanføresegnene er masseuttaket avgrensa til å skje i første halvdel av juni og i siste halvdel av august, nok som gjer at ein ikkje kjem i konflikt med gytetida og den mest kritiske perioden for oppvekst av aure.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativ omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaksområdet og lagringsområdet ligg i tilknytning til Finndalsvegen (privat bomveg), og har avkøyring til denne.	Det er liten trafikk og forholdsvis god og oversiktleg avkøyring til vegen. Det gjer at ein reknar at risikoen for ulykker er liten.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Uttaket er lite og er på NGU sitt grusressurskart oppgjeve å ha liten verdi. Ressursen er i kommunedelplanen rekna for å vere lokalt viktig. Det har vore drive uttak av massar frå Finna her før området det vart laga reguleringsplan. Dersom uttaka ikkje er større enn tilførselen av grus og massar som kjem med elva, er ressursen å rekne som fornybar i eit langt tidsperspektiv. Finndalen er verna som landskapsvernområde. Det er her meir tvilsamt om masseuttaket har ein nokon særleg effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar på dyrka jord og veg.	Massane nyttast til vedlikehald av Finndalsvegen, og gjer transporten kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk, og vil her medføre auka trafikk og slitasje på lokalvegar og setervegar. Sjølv om uttaket kan verke noko skjemmande for opplevinga av landskap i landskapsvernområdet, vurderer ein det ikkje til å vere av eit slik omfang at det vesentleg endrar eller verkar inn på landskapet sin art eller karakter. Ein kan ikkje sjå at uttaket i vesentleg grad er til skade for naturverdiar i området dersom det skjer i samsvar med reguleringsplanen og etter innhenta løyve frå forvaltningsmyndigheita.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:


Grusuttaket i Finna ved Lauva sitt utlaup, er vurdert å ha *middels positiv konsekvens* når det gjeld utnytting av geologiske ressursar og forureining, energi og klima. Massane nyttast til vedlikehald av Finndalsvegen, og gjer transporten kort. Elvegrus blir frakta og lagt av elva som ei grusøyr, og massar vert teke ut når grusøyra er tørrlagd. Grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs om uttaka som skjer er balansert med den stadige tilførselen av grus.

Dei negative sidene av uttaket, knyter seg først om fremst til verknadar for naturverdiar og naturmangfald og landskap. At området ligg innafor Finndalen landskapsvernområde og Finna si status som verna vassdrag - gjer utslag i at vurderinga på desse punkta kjem ut med *middels negativ konsekvens*. Finndalen har stor verdi for som turområde og for utøving av friluftsliv. Areal for friluftsliv i Finndalen er store og det er lite folk. Masseuttaket gjer utøvinga fritidsfiske og friluftsliv mindre attraktivt akkurat på staden ved masseuttaket, men det avgrensa omfanget uttaket har, gjer at konsekvensen for friluftslivet er vurdert til *liten negativ konsekvens*.

Konklusjon:

Det drivast aktiv utnytting av utmarksressursar i Finndalen ved setring, beitebruk, skogbruk, jakt og fiske. Det er viktig for utnytting av utmarksressursane og ha grusressursar tilgjengeleg lokalt for vedlikehalde av Finndalsvegen. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt, har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk, og vil her medføre auka trafikk og slitasje på lokalveggar og setervegar over lange avstandar ned mot Vågå.

Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i/ved Finna aust for Lauva sitt utlaup (M54) har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i området er godt nok teke i vare gjennom gjeldande reguleringsplan og forvaltningsplanen for Finndalen landskapsvernområde, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M54 som ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn.



Ein ser på flybilde frå 1981 at det var masseuttak i området før det vart regulert for formålet i 1989.



Samanliknar ein flybilde frå 2015 med det frå 1981, kan ein sjå at elva er i stadig endring.

3. Arealrekneskap for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.

Nedfor er sett opp eit arealregnskap for dei masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan som er konsekvensutgreidd.

I arealregnskapet er det gjeve tal for kor mykje areal som eventuelt blir nedbygd med omsyn til dyrka areal, innmarksbeite, produktiv skogsmark og dyrkbart areal da dette er sentrale tema med omsyn til vern av produksjonsgrunnlaget i landbruket. Jordregisteret (AR5) er brukt som bakgrunn for inndeling av arealkategoriar i tabellane. Produktiv skog omfattar skog med bonitet låg eller betre. Anna omfattar areal det er bygd på, impediment skog, samferdselsareal, vassareal mm. «Dyrkbart» er areal som ved oppdyrking skal halde krava til fulldyrka jord. Datasettet er etablert som et avleia datasett frå kartlagd dyrkbar jord ved etableringa av økonomisk kartverk 1960-1990.

Plankontorets tilrådingar etter konsekvensutgreiing av områda, tilseier at alle områda der det føreligg godkjend reguleringsplan blir med i høyringsforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med unntak av område M18 – Bøvre ved Galdebygde.

Ein har følgjande arealrekneskap for område som blir med i høyringsforslaget som framtidige masseuttaksområde i vassdrag:

Nr.	Områdenamn	Type	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks-beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Derav dyrkbart daa
M31A M31B, M110, M111, M112	Bøvre ved Medalen	Råstoffutv.	420,9	0,0	0,0	0,0	420,9	0,0
M32	Bøvre ved Borgasanden	Råstoffutv.	23,9	0,0	0,0	0,0	23,9	4,4
M102	Bøvre ved Kvandalsvoll	Råstoffutv.	5,2	0,0	0,0	0,0	5,2	0,0
M24	Leira ved Liasanden	Råstoffutv.	21,5	0,0	0,0	0,0	21,5	0,0
M101	Bøvre ved Prestsæter	Råstoffutv.	4,4	0,0	0,0	0,0	4,4	0,0
M54	Finna ved Lauva	Råstoffutv.	8,7	0,0	0,0	0,0	8,7	0,0
Totalt			484,6	0,0	0,0	0,0	484,6	4,4

4. Vurdering av samla konsekvensar for masseuttaksområde i vassdrag med reguleringsplan.

Vurderinga er ei overordna omtale av planframlegget sine konsekvensar for miljø og samfunn når det gjeld arealformål og utredningstema for dei områda i vassdrag med reguleringsplan som er konsekvensutgreidd. Tema som er omtalt er dei same som er i KU-skjema for dei enkelte områda.

4.1 Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Forvaltningslova § 17 seier at forvaltningsorganet skal sjå til at sakene er så godt opplyst som råd før vedtak treffast. Dette medfører plikt til også å utgreie og vurdere konsekvensane vedtaket får for

naturmangfaldet. Dette er nærare nedfelt i Naturmangfaldlova (nml.) kapitel II, §§ 8–12. Det gjeld anten eit vedtak gjerast med heimel i naturmangfaldslova eller andre lover. Et grunnleggande krav i desse lovparagrafane er at alle vedtak skal bygge på kunnskap om naturmangfaldet og korleis eit planlagt tiltak påverkar naturmangfaldet (§ 8). Ved vurderinga av om et tiltak skal tillatast eller ikkje, skal prinsippa (§§ 8-12) bli lagt til grunn som retningsliner ved skjønnsutøvinga, jf. § 7. Det skal bli gjort ei vurdering av den samla belastninga som naturmangfaldet blir, eller vil bli, utsett for (§ 10). Kostnadene ved miljøforringing som vedtaket eventuelt medfører, skal dekkast av tiltakshavar (§ 11). Det skal bli lagt vekt på miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikkar og lokalisering (§ 12). Veit ein lite om verknadane av tiltaket, skal føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt i saken (§ 9).

Her er det ikkje ny arealbruk det er snakk om da, alle dei sju områda allereie er omfatta av reguleringsplanar for formålet råstoffutvinning. Med unntak av område M18 -Bøvre ved Galdebygde – har det gjennom mange år skjedd grusuttak i områda. Fleire av områda var også nytta for grusuttak før det vart utarbeidd reguleringsplanar tilbake i 1998. Da det allereie er godkjende reguleringsplanar for områda, og seks av områda er teke i bruk for formålet, kan her stillast spørsmål om det er trong for å gjere nokon avgjerd i saka og da behovet for å gjere vurderingar etter naturmangfaldslovas §§8-12. Kommunen har likevel gjort ei slik vurdering under.

Det skal etter § 8 i nml. gjerast ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget som er bakgrunn for utgreiinga av forslag til ny arealbruk i kommuneplanforslaget. Kunnskapsgrunnlaget for dei enkelte områda som er vurderte i konsekvensutgreiinga er vist i tabellen:

Område	Namn	Type areal	Kunnskapsgrunnlag
M18	Bøvre ved Galdebygde		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998. Synfaring 2021.
M31A, M31B, M110, M111, M112	Bøvre ved Medalen		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998. Synfaring 2021.
M32	Bøvre ved Borgasanden		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998. Planrevisjon i 2000. Synfaring 2021.
M102	Bøvre ved Kvandalvoll		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998.
M24	Leira ved Liasanden		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998. Synfaring 2021.
M101	Bøvre ved Prestsæter		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998.
M54	Finna ved Lauva		Temadata tilsvarande InnlandsGIS. Flybilet. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Vassdragsplan for Otta frå 1994. Reguleringsplan frå 1998.

Kunnskapsgrunnlaget knytt til, baserer seg i hovudsak på offentlig tilgjengeleg kartinformasjon og tematiske datasett som samanstillast med dette tilsvarende data som ligg i InnlandsGIS, flybilete (nye og gamle), samt lokalkunnskap og synfaringar av fleire av områda som er utgreidd.

Dei 7 områda med reguleringsplan som utgreidd for masseuttak ligg alle ved verna vassdrag – et av dei til Finna, dei andre seks til Bøvre-vassdraget. Ein kjenner ikkje til at det som bakgrunn for vassdragsvernet ligg kunnskap som har slik detaljering at det kan det vere til nytte for vurderingane i planarbeidet knytt til kommuneplanens arealdel.

Eit av uttaksområda M54 – Finna ved Lauva – ligg innafør område kartlagt som naturtype. Naturtype-registreringa her omfattar eit om lag 7,5 område som strekk seg langs Finna og har eit areal på 2570 dekar. Naturtypelokaliteten har namnet Odden (BN00021003) og har verdi svært viktig (A). Faktaark omtaler lokaliteten, og det er her ein ganske grundig beskriving av naturverdiane i området. Det går fram av faktaarket at lokaliteten er kartlagt både i 2001 og 2011. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet for M54, er vurdert som godt for vedtak knytt til kommuneplanen. Lokaliteten her ligg også innafør Finndalen landskapsvernområde.

For område M18 – Bøvre ved Galdebygde – er det ikkje registrert nokon naturverdiar eller artar i offentlege register. Området er det einaste som plankontoret rår til å ta ut av kommuneplanen, da det trass reguleringa i 1998 ikkje har vore teke ut massar i området. Det er da snakk om å følgje dette opp ved å gjere vedtak som opphevar reguleringsplanen. Slik sett ikkje så interessant å vurdere om kunnskapsgrunnlaget her er tilstrekkeleg når det gjeld dette området.

Områda for råstoffutvinning ved Bøvre i Medalen er store. Uttaksområda (M31A og M31B) strekk seg over ei elvestrekning på 3,6 km, og saman med lagrings-/massebehandlingsområda på land (M110, M111 og M112) utgjer det eit areal på 421 dekar. Her ligg det ein god del registreringar av artar i artsdatabanken, og supplert med viltkart og egne kunnskapar. Dette og med bakgrunn at det også vart gjort vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet i 1998, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dette området til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for behandling av områda som er knytt til kommuneplanens arealdel.

Området M 32 – Bøvre ved Borgasanden – ligg ved Flåklypa. Her er det kartlagt viktige naturtyper i områda bakom bygnaden på Borgen, Vangen og Urdi, og desse er lagt som omsynssoner i kommuneplanen. Grunnlag for dette er registreringar av truga/ sårbare planteartar. I artsdatabanken er det ingen registreringar av truga/sårbare artar på areal som er regulert for råstoffutvinning, men ein kjenner til at *Oter* med status VU – sårbar - har tilhald i elva om vinteren. Desse registreringane, og med bakgrunn at det også vart gjort vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet i 1998, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dette området til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for behandling av område M32 som er knytt til kommuneplanens arealdel.

Område 102 - Bøvre ved Kvandalsvoll -er eit lite uttak for lokale behov (5,2 dekar). I artsdatabanken er det ingen registreringar av truga/ sårbare artar i området som er regulert for råstoffutvinning. Områda oppfor fylkesvegen er kartlagd som viktig naturtype og ligg som omsynssone i kommuneplanen. Grunnlag for dette er registreringar av truga/ sårbare planteartar. Desse registreringane, og med bakgrunn at det også vart gjort vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet i 1998, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dette området til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for behandling av område M102 som er knytt til kommuneplanens arealdel.

For område M24 - Leira ved Liasanden – utgjer uttaksområdet i elva og lagrings-/behandlingsområdet på land, til saman 21,5 dekar. Det er ikkje areal her som er registrert som viktig naturtype. I artsdatabanken er det registreringar av bakkesøte, finnmarkssiv, fjellmarinøkkel, setermjelt og blåapp, i eller i nærleiken av område M24B. Alle desse plantene har status som LC -livskraftig – i den norske raudlista. Desse registreringane, og med bakgrunn at det også vart gjort vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet i 1998, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dette området til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for behandling av område M24 som er knytt til kommuneplanens arealdel.

Område 101 - Bøvre ved Prestsæter - er eit lite uttak for lokale behov (4,4 dekar). Det er ikkje areal ved Prestsæter som er registrert som viktig naturtype. I artsdatabanken er det registreringar av snøull – med status NT (nær truga) på raudlista og setersoleie med status VU (sårbar) i området nedstraums uttaket. Registreringane her og med bakgrunn at det også vart gjort vurderingar i samband med reguleringsplanarbeidet i 1998, vurderer plankontoret den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dette området til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for behandling av område M101 som er knytt til kommuneplanens arealdel.

§ 10 i nml. set krav om økosystemtilnærming og vurdering av samla belastning. Her er områda allereie omfatta av reguleringsplan, og råstoffutvinning har skjedd i områda i mange år i dei seks områda som er tilrådd vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Det har heller ikkje skjedd nokon vesentlege endringar i arealbruken i eller i nærleiken av uttaksområda, eller i eller kring dei vassdraga der uttaka ligg, sidan områda vart regulert i 1998. I det nye kommuneplanforslaget er det heller ikkje føreslege ny arealbruk som er lokalisert slik at det endrar noko på dette. Den samla belastninga på økosystema i Bøvravassdraget og Finnassdraget der uttaksområda ligg, har ikkje endra seg vesentleg sidan reguleringa. Snarare er vern av areala i vassdrags nedbørsfelt vorte styrka sidan reguleringa. Mellom anna er Reinheimen og Breheimen nasjonalpark med landskapsvernområde oppretta sidan den gong (2006 og 2009), og andre areal har blitt verna som naturreservat (mellom anna Høyrokampen).

Ut frå §12 i nml. skal ein mellom anna vurdere alternativ lokalisering, dersom det er konflikthar i forhold til naturverdiar. Dette er heller ikkje så aktuelt for desse område da område allereie er omfatta av reguleringsplan og teke i bruk. Det var også ei samla vurdering som låg bak kva for område som skulle regulerast for råstoffutvinning i form av "Kommunedelplan for sand, grus og stein", vedteken av Lom kommunestyre 19.06.1997. Bakgrunnen for utplukka var nok i første rekkje ut frå kor ressursane kunne vere interessante ut frå lokale behov (til dømes vedlikehald av ein nærliggande seterveg) eller for kommersiell drift, men samstundes var viktig moment at ein skulle førebyggje flaumskadar og sikre verneverdiar i dei verna vassdraga. Plankontoret kan ikkje sjå at det finnst alternative lokaliseringar av område for råstoffutvinning som både skal dekke råstoffbehov (mengde og kvalitet) og førebyggje flaumskadar, som vil vere mindre konfliktfylte enn dei regulerte område. For byggeråstoffa grus, sand og pukk/stein, er i tillegg situasjonen slik at transportkostnadane utgjer en relativt stor del av pris ut til kunde. Ved transportavstandar på 30 til 40 km kan transportkostnaden bli større enn verdien av råvarene, slik at det er ikkje uproblematisk å ta ut eit lite uttaksområde som skal dekke vedlikehaldsbehovet på ein seterveg som isolert sett ser ubetydeleg ut.

Ei samla vurdering av verknadar for naturmiljø og naturmangfald for alle nye og eksisterande utbyggingstiltak er ganske komplisert. Ved vurderinga av mogelege utbyggingsområde, er det tatt omsyn til område sin verdi for dyre- og planteartar. Kommunen har store utmarksområde, og leve- og beiteområde som er kartlagde for ulike viltartar dekkjer store delar av desse. Når det gjeld hjortevilt, har det blitt mykje meir elg, rådyr og især hjort, sidan kommunen utarbeidde viltkartet i 1995. Desse har også større leveområde enn før, og artane er nå vanleg overalt i kulturlandskapet, og førekjem i større tal også opp mot og i fjellet. Villrein finnst i Reinheimen og i Breheimen, og er omfatta av regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026. I planen er det sett av areal som nasjonalt villreinområde med randsoner. Desse er avlagt som omsynssoner i kommuneplanforslaget. Heile 59 % av arealet i Lom kommune er underlagt vern i medhald av naturmangfaldslova som nasjonalpark (52 %), landskapsvernområde (6 %) eller naturreservat (1 %). Desse er avlagt som bandleggingssonar på plankartet. I planforslaget er det ikkje foreslege nye utbyggingsområde som omfattar verneområde eller villreinens leveområde eller randsonene til denne. I tillegg er område som ligg kartlagt som viktig naturtype i Naturbase avsett som omsynssoner på kartet, der desse ikkje er omfatta av vern etter naturmangfaldslova. Alt i alt har ein i størst mogeleg grad styrt unna verdifulle naturområde ved forslag av nye utbyggingsområde.

Dei sju område for råstoffutvinning med reguleringsplan som er med i konsekvensutgreiinga her, ligg i verna vassdrag. Bøvra og Finna vart i 1993 varig vernet mot framtidig kraftutbygging gjennom Verneplan IV, altså 5 år før område for råstoffutvinning i vassdraga vart omfatta av vedtak av reguleringsplanar i 1998. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag var gjeve ved kongeleg resolusjon i 1994. Materiale frå behandlinga av reguleringsplanane, viser at NVE og Fylkesmannen var tett involvert i planprosessane. Da både stat og kommune er forplikta av dei rikspolitiske retningslinjene, må dette ha vore teke med i vurderingane da det vart vedteke reguleringsplanar for uttaksområde av dei verna vassdraga i 1998.

Eit av uttaksområde M54 – Finna ved Lauva - ligg i tillegg innafor landskapsvernområde, og også innafor ein viktig naturtyperegistrering. I pkt. 1.3 verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde, er det opna for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett for det i forvaltningsplanen. I forvaltningsplanen er det teke inn at masse til vegvedlikehald etter søknad takast i område med godkjende reguleringsplanar, mellom anna i område i Finna nedfor Lauva sitt utløp.

Ei oppsummering av dei vurderingar som er gjort av områda for råstoffutvinning i verna vassdrag med reguleringsplan, i forhold til naturmangfaldlova §§ 8 -12 om *kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*, er at plankontoret meiner at krava som er sett i lova å vere er oppfylt for dette plannivået. Ei samla vurdering er at ein gjennom og vidareføre seks av desse områda i kommuneplanforslaget til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, ikkje legg opp til ei utnytting som i vesentleg grad går ut over naturmangfaldet og som ikkje gjev ei for stor samla belastning.

4.2 Jord- og skogbruk.

For fleire av dei regulerte massetaka i vassdrag, var regulering for førebygging mot flaumskadar ei viktig grunngeving for reguleringa. Utarbeiding av reguleringsplanane i 1997-1998 skjedde i samarbeid med NVE, og NVE og Fylkesmannen i Oppland var viktig høyringsinstansar ved behandling av planforslaga.


For uttaksområda i Medalen M31A og M31B, var innregulering av flaumsikringsanlegg langs Bøvre og Sula ein del av reguleringsplanlegginga i 1997-1998. Sognefjellsvegen (Fv55) er ein del av reguleringsplanen, og vegen på strekninga her er bygd opp og forsterka med tanke på sikring mot flaum.

I Medalen ligg i alt 584,6 dekar fulldyrka jord innafor aktsemdsområde for flaum (NVE) som er lagt inn som faresone i kommuneplanforslaget. 282,3 dekar av desse ligg innafor areal som i hovudsak er påverka av flaum frå Bøvre, 193,2 dekar innafor areal som er påverka av flaum frå Sula og Bøvre, 47,9 dekar innafor areal som er påverka av flaum frå Glåma og Bøvre og 61,2 dekar som er påverka av flaum frå Visa. Kartfigur på neste side viser fulldyrka jord innafor faresonene for flaum. I tillegg ligg det større areal med innmarksbeite og overflatedyrka jord som ligg innafor aktsemdsområde for flaum. Dessutan er det under oppdyrking eit større areal langs Bøvre ved Stein som også ligg innafor aktsemdsområde/faresone for flaum.

Massetak i elva var eit av tiltaka som skulle vere med på å sikre jordbruksareala i Medalen. Ved oppstart av reguleringsplanarbeidet i 1997, peikte grunneigarane i Medalen på at vegbygging (Sognefjellsvegen) og sedimentering av massar øvst i området, har gjort at hovudstraumen i elva dels har fløtt seg mot søraust-sida av elvefaret. Elva skal her ha teke med seg to større øyrer og truga både jordbruksareal og anna areal, samt gardsvegen til Glømsdal. Andre plassar sto elva inn mot Sognefjellsvegen. Grunneigarane meinte manglande uttak og endringane av vasstraum/vassnivå også førte til forsumping av areal. Både NVE som fagstyresmakt, Statens Vegvesen og grunneigarane meinte i 1998 at det var naudsynt jamleg å ta ut massar for å unngå skadar på innmark og anlegg. NVE framheva at det var positivt at kommunen følgde opp arbeidet med å få grusuttaka i Medalen inn i kontrollerte former ved å utarbeide reguleringsplan for området.

Mellom anna med bakgrunn i dette, er det grunn til å forvente at opphøyr av dei regulerte massetaka i Medalen vil medføre flaumskadar på fulldyrka jord og anna landbruksareal i Medalen. Med dei store variasjonane ein har i vassføringa i vassdraget gjennom året, vil ikkje areal bli sett konstant under vatn av flaum, men flaum kan gjere at fulldyrka jord og anna landbruksareal vert vaska bort/øydelagt ved erosjon, at fulldyrka jord og beite vert overdekka av grus, sand, slam og brask som den flaumstore elva legg att og at areal vert forsumpa. Vassdraget er flaumstor i delar av vekstsesongen, noko som gjer at


flaum både kan gå ut over avlinga og medføre vanskar både for innhausting, jordarbeid, såing og gjødsling. Avrenning av næringsstoff kan både utarme jorda og medføre forureining i vassdraget.



Temakart: Fulldyrka jord som ligg innafor faresone for flaum i Medalen der grussutak evt. kan ha effekt.


Det har ikkje vore store flaumskadar i Medalen etter reguleringa i 1998, og iverksetting av denne planen. Ser ein på flybilde eller kart frå tidspunktet ved reguleringa, og samanliknar med flybilde og kart frå seinare år, viser dei at det lagrast opp masse i Medalen, trass massetaka. Utviklinga av klima gjer situasjonen med omsyn til framtidige flaumskadar usikker.

For uttaksområdet M32 ved Borgasanden er massetak i elva for å sikre jordbruksareala mot flaumskadar oppgjeve som eit av formåla for reguleringsplanlegginga i 1997-1998. I alt 47,4 dekar fulldyrka jord i uttaksområdet ved Borgasanden ligg innafør aktsemdsområde for flaum (NVE), som er lagt inn som faresone på kommuneplankartet. I tillegg kjem noko beiteareal. Kartfigur under viser fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum. Grusuttak i elva skulle verke førebyggjande både med omsyn til overfløyming og skadar på dyrka mark og med omsyn til erosjon mot elvebreidda og offentlig vegareal. Utanfor Borgen der det er ein fjellterskel som demmar opp for grusmassane og gjer at desse vert lagt opp som grusøyrrar i elva. Med bakgrunn i dette, er det grunn til å forvente at opphøyr av det regulerte massetaket ved Borgasanden vil medføre flaumskadar på fulldyrka jord og anna landbruksareal i området frå Flåklypa til Akselen.




Temakart: Fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum ved Borgasanden der grusuttak kan ha effekt. For uttaksområdet M24 ved Liasanden er massetak i elva for å sikre jordbruksareal mot flaumskadar oppgjeve som eit av formåla for reguleringsplanlegginga i 1997-1998. I alt 60,3 dekar fulldyrka jord i

Uttaksområdet ved Liasanden ligg innafør aktsemdsomsråde for flaum (NVE), som er lagt inn som faresone på kommuneplankartet. I alt 60,3 dekar fulldyrka jord i uttaksområdet ved Liasanden ligg innafør aktsemdsomsråde for flaum (NVE), som er lagt inn som faresone på kommuneplankartet. I tillegg kjem noko beiteareal. Kartfigur under viser fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum. Grusuttak i elva skulle verke førebyggjande både med omsyn til overfløyning og skadar på dyrka mark og med omsyn til erosjon mot elvebreidda og offentleg vegareal. Med bakgrunn i dette, er det grunn til å forvente at opphøyr av det regulerde massetaket ved Liasanden vil medføre flaumskadar på fulldyrka jord og anna landbruksareal i området.




Temakart: Fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum ved Liasanden der grussuttak kan ha effekt.

For uttaksområdet M102 ved Bøvre ved Kvandalvoll er massetak i elva for å sikre jordbruksareala mot flaumskadar oppgjeve som eit av formåla for reguleringsplanlegginga i 1997-1998. I alt 45,8 dekar fulldyrka jord i uttaksområdet ved Kvandalvoll ligg innafør aktsemdsomsråde for flaum (NVE), som er lagt inn som faresone på kommuneplankartet. I tillegg kjem noko beiteareal. Grusuttak i elva skulle verke førebyggjande med omsyn til overfløyning og skadar på dyrka mark og med omsyn til erosjon mot elvebreidda og offentleg vegareal. Med bakgrunn i dette, er det grunn til å forvente at opphøyr av det regulerde massetaket ved Kvandalvoll vil medføre flaumskadar på fulldyrka jord og anna landbruksareal i området. Kartfigur under viser fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum.



Temakart: Fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum ved Kvandalvoll der grussutak kan ha effekt.

For uttaksområdet M18 ved Bøvre ved Galdebygge er massetak i elva for å sikre jordbruksareala mot flaumskadar oppgjeve som eit av formåla for reguleringsplanlegginga i 1997-1998. For i alt 154,4 dekar fulldyrka jord som ligg innafør aktsemdsområde for flaum (NVE), vurderer plankontoret at uttak av massar i område M18 kan ha betydning for å unngå flaum og flaumskadar. Kartfigur under viser fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum, der ein vurderer at grussuttak kan ha effekt.



Temakart: Fulldyrka jord som ligg innafør faresone for flaum ved Galdebygge der grussutak kan ha effekt.

Ein kjenner ikkje til at det har skjedd uttak av masser i område M18 sidan arealet vart regulert i 1989. Det er stadige endringar i elvelaupet i området, og det kan sjå ut som at elva legg opp massar på andre stadar i elva i dag enn tilfellet var tidlegare. Plankontoret er derfor i tvil om uttak i område M18 vil ha nokon stor avbøtande effekt i forhold til å førebygge flaumskadar på dyrka mark i slik elva er no.

Ved uttaksområde M101 ved Bøvra ved Prestsæter ligg den nedre del av dei dyrka fulldyrka areala på Aukrustsætre, Prestsætre, Vekkesætre og Glåmbakken utsett til for flaum. Sjølv om førebygging av flaumskadar var oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998, vurderer plankontoret det som usikkert om eit så vidt lite uttak kan ha noko særleg å seie for å unngå overfløyming og skadar på dyrka mark og mot vegareal i området.

Uttaksområde M54 ved Finna nær Lauva, ligg i god avstand frå setre. Det er over 3,5 km avstand nedstraums til Sterringen, der det er setre med dyrka areal. Oppstraums er det ikkje areal som ligg så lågt at det kan bli påverka av grusuttak i område M54. Førebygging av flaumskadar er likevel oppgjeve som ein av grunnane for å regulere området i 1998. Dyrka areal i Finndalen ligg utvilsamt utsett til for flaum i Finndalen, men plankontoret har vanskeleg for å sjå at uttak av masser i område M54 vil ha noko å seie for å unngå overfløyming og flaumskadar på dyrka mark og vegareal i Finndalen.

4.3 Landskap.

Alle uttaksområda i Bøvravassdraget (med sideelv Leira) ligg i område i Bøverdalen/Leirdalen med viktig kulturlandskap, og er omfatta av omsynssone på plankartet. Dette har gjeve seg utslag i at uttaka er vurderte til å ha *middels negativ konsekvens* på punktet Landskap.

Uttaksområde M54 ligg i Finndalen landskapsvernområde, og er omfatta av bandleggingssone for naturvern på plankartet. Uttaket er vurdert til å ha *middels negativ konsekvens* på punktet Landskap.

Den samla verknad av kommuneplanforslaget med omsyn synlege og uheldige landskapsinngrep, vurderast av plankontoret til på trass av dette å vere av akseptabelt omfang, i forhold til den nytteverdien uttaka har med omsyn til verdi av grusmassane som vert teke ut og betydninga uttaka har for å unngå overfløyming og flaumskadar på jordbruksareal og vegar. Eventuelle flaumskadar som skulle oppstå som følgje av at uttaka vart stansa, og reperasjon av desse, kan gi skadar og inngrep i landskapet som langt overskygger inngrepa som dei kontrollerte masseuttaka medfører.

4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.

Det er ikkje føreslege nye område for massetak i kommuneplanforslaget.

Dei områda som her er vurderte er eksisterande uttak som er omfatta av reguleringsplan for råstoffutvinning. Elvegrus frå erosjon frå brear og elvar i fjellområda, blir lagt av på elveslettene. Dette skjer heile tida, og grusressursen kan sjåast på som ein stadig fornybar ressurs dersom uttaka som skjer, er balansert med den stadige tilførselen av grus. Med omsyn til utnytting av dei verdifulle økonomiske ressursane som grusen som blir avlagt i vassdraga representerer, er det i viktig for samfunnet at ressursen kan utnyttast i uttak der verksemda er styrt av reguleringsplanar og kan skje i kontrollerte formar.

For fleire av uttaka som er vurderte, viser den nasjonale basen for grunnvassressursar, GRENADA, potensiale for grunnvassressursar. Ingen av dei føreslegne områda er vurdert å ville ha negativ påverknad av grunnvassressursar som det er større interesse for å utnytte som drikkevasskjelder.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø.

Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ingen av dei konsekvensutgreia uttaka i verna vassdrag, råker kjende freda kulturminne eller kulturmiljø. Det er likevel ikkje gjort arkeologiske registreringar innanfor områda og det må takast atterhald om at det derfor kan finnast uregistrerte automatisk freda kulturminne som ikkje er kjente.

4.6 Forureining, energi og klima.

Dei områda som er omfatta av reguleringsplan og som er føreslege vidareført som område for massetak i vassdrag etter konsekvensutgreiinga, er i vurdert å vere gunstige med omsyn til energibruk, forureining og klima, da transporten ut til brukarane/veganlegga vil vere forholdsvis kort.

4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.

Dei områda som er omfatta av reguleringsplan og som er føreslege vidareført som område for massetak i vassdrag etter konsekvensutgreiinga, er vurderte til ikkje å ha vesentlege skadeverknadar for friluftslivsinteresser eller barn og unges interesser.

4.8 Teknisk infrastruktur.

Dei områda som er som er omfatta av reguleringsplan og som er føreslege vidareført som område for massetak i vassdrag etter konsekvensutgreiinga, er vurderte til ikkje å ha vesentlege verknadar for teknisk infrastruktur.

4.9 Samfunnstryggleik.

For områda M31A /M31B Medalen, M32 Bøvre ved Borgasanden, M102 Bøvre ved Kvandalsvoll og M24 Leira ved Liasanden, er masseuttaka vurdert å ha positiv effekt når det gjeld førebygging av flaumskadar på dyrka jord og veg.

Det kan vere ein reell fare for skred og flaum mot enkelte av ved drifta av anlegga, men lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv/person-skadar eller større materielle verdiar.

4.10 Trafikktryggleik.

For verksemda i dei områda som er som er omfatta av reguleringsplan og som er føreslege vidareført som område for massetak i vassdrag etter konsekvensutgreiinga, har ein vurdert at fortsetting av verksemda i områda ikkje vil medføre auka risiko for trafikkulykker.

5. Vurdering av uttaka i forhold til verna vassdrag og vassressurslova.

Dei sju områda for råstoffutvinning med reguleringsplan som er med i konsekvensutgreiinga her, ligg i verna vassdrag. Stortingets verneplanvedtak (verneplan I, II, III og IV) er som hovudregel avgrensa til vern mot kraftutbygging. I forbindelse med vernevedtaka har Stortinget gitt en generell oppmoding om at en søker å unngå tiltak i verneplanvassdraga som reduserer deira verneverdi. (Jf St. prp. nr 89 (1984-85) og Innst. S. nr 243 (1985-86)).

Bøvra og Finna vart i 1993 varig vernet mot framtidig kraftutbygging gjennom Verneplan IV, altså 5 år før områda for råstoffutvinning i vassdraga vart omfatta av vedtak av reguleringsplanar i 1998.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag var gjeve ved kongeleg resolusjon i 1994.

Retningslinjene skal vere bindande for den kommunale og fylkeskommunale planlegging innafor vassdragsbeltet, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekker, sjøar og tjern og et område på inntil 100 meters bredde langs sidene av desse. I retningslina er det skrive at det betyr en plikt for kommunane til å bruke retningslinjene i si planlegging, men slik at det er rom for ulike plantilpassingar. Vidare: *"Rikspolitiske retningslinjer innebærer likevel ikke i seg selv noen direkte binding overfor borgerne. Det vil si at det er planene som er rettslig bindende, og ikke retningslinjene i seg selv."*

Gjennom arbeidet med verneplanane for vassdraga og i dei rikspolitiske retningslinjene, er det presisert at vassdrag som er vernet mot kraftutbygging, også må behandlast med varsemd når det gjeld andre typar inngrep. Eksempel på inngrep som er nemnt kan skade verneverdiar i vassdrag er vegbygging, masseuttak, vassuttak, forbygging/strandkledning, flaumvern, kanalisering, bygg/anlegg og forureining.

Materiale frå behandlinga av reguleringsplanane for massetaka i 1997-1998, viser at NVE og Fylkesmannen i Oppland var tett involvert i planprosessane. Da både stat og kommune er forplikta av dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag, må ein rekne med at retningslinjene har vore teke med i vurderingane og grunnlaga for vedtak, da det vart godkjend reguleringsplanar for uttaksområda i 1998. Alle NVE sine merknader til reguleringsplanane for uttaka ved høyringsprosessen den gong, vart etter det ein kan sjå teke omsyn til og vart innarbeida i reguleringsplanane som vart vedtekne. NVE skreiv i sine høyringsuttaler: *"Dersom merknader vert teke omsyn til, er det ikkje behov for ytterlegare behandling etter vassdragslova"*.

Den delen av vassdragslova som regulerte dei forholda som her er aktuelle, vart i 2001 oppheva og erstatta av det regelverket som ein i dag har i vassressurslova (Lov om vassdrag og grunnvann av 01.01.2001). Her er det skrive følgjande som omhandlar konsesjonspliktige tiltak i § 8: "Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten." I vassressurslova § 35 er det mellom anna skrive følgjande: "I vernede vassdrag der vernet ivaretas gjennom denne lov, kan eksisterende anlegg bestå og igangværende virksomhet fortsette, om ikke annet følger av §§ 66 og 67." I § 66 går det fram at lova også gjeld vassdrags- tiltak som ble påbegynt før lova trådte i kraft (eldre vassdragstiltak), og at eldre vassdragstiltak som ikkje trengte løyve etter tidlegare vassdragslovgiving, kan helde fram utan konsesjon etter § 8. Det står at vassdragsmyndigheten i særlege tilfelle, likevel kan bestemme i

enkeltvedtak at tiltaket må ha konsesjon, og at tiltaket blir ulovleg dersom det ikkje sendast søknad innan en fastsett frist.

NVE og Statsforvaltaren i Innlandet har fremma motsegn mot dei sju masseuttaka med reguleringsplan frå 1998 som ligg i verna vassdrag med, med vising til vassressurslovas § 8 og §35.

I dei seks områda for råstoffutvinning som er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentlege ettersyn og høyring, var det allereie verksemd med grusuttak før dei vart omfatta av reguleringsplan i 1998. I samsvar med dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag, er det reguleringsplanane for uttaka frå 1998, som er rettsleg bindande for arealbruken innafor det regulerte området.

Reguleringsplanane vart vedteke etter at dei rikspolitiske retningslinene kom i 1994. Planane vart utarbeidde mellom anna med grunnlag i dei rikspolitiske retningslinene, og det er nedfelt i planføresegnene at planane også skal sikre verneverdiar i dei verna vassdraga. Plankontoret meiner det ikkje kan vere tvil om at reguleringsplanane heimlar dei uttaka av massar som planane opnar for og regulerer.

I gjeldande kommuneplan frå 2003, går det fram av planføresegnene at dei verna vassdraga Bøvre m/Leira og Visa og Finna med sideelver, skal bli forvalta i tråd med forskrift om rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Det er presisert at unntak gjeld for del av vassdraga omfatta av godkjend reguleringsplan. Desse reglane er føreslege vidareført ved revisjon av kommuneplanen for 2021-2030. Ein har i samsvar med forskrifta delt vassdraget i soner etter påverknad og verneverdiar. Dei seks områda for råstoffutvinning som er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentlege ettersyn ligg alle innafor vassdragsavsnitta i klasse 2: Vassdrag eller delar av vassdrag med middels grad av menneskeleg påverknad.

Dei seks områda for råstoffutvinning som er føreslege vidareført i planforslaget til 2. gongs offentlege ettersyn og høyring, er lagt inn i planen med same areal som i dei godkjende reguleringsplanane. Plankontoret kan ikkje sjå at innlegging av dei regulerte areala for råstoffutvinning i kommuneplanen og framhald av masseuttak i samsvar med dei godkjende reguleringsplanane, vil vere i strid med forvaltning av verna vassdrag og rikspolitiske retningsliner for desse.